

# Plastring av fyllingsdammar

forskyvningar i damkrona

**Fredrikke Kjosavik**

Bygg- og miljøteknikk

Innlevert: desember 2015

Hovedveileder: Leif Lia, IVM

Medveileder: Priska Helene Hiller, IVM

Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet  
Institutt for vann- og miljøteknikk







## MASTEROPPGAVE

*Student: Fredrikke Kjosavik*

**Tittel: Plastring av fyllingsdammer – forskyvninger i damkrona**

### 1 BAKGRUNN

Fyllingsdammer har tydelig adskilte soner for å ivareta filterkriteriene fra kjernen til støttefyllingen. Fyllingsdammer bygd i Norge etter ca. 1950 skiller seg noe ut sammenlignet med internasjonale fyllingsdammer ved at det i Norge er benyttet store steiner i det ytterste lag, det vil si skråningsvern. Stabiliteten til nedstrøms skråning er avgjørende for dammens sikkerhet. Det ytterste laget, skråningsvernet, er et spesielt viktig element i nedstrøms skråning.

Steinene i skråningsbeskyttelsen legges ut en og en på en bestemt måte. Dette kalles plastring og er en utpreget norsk byggemetode. Skråningsvernets viktigste funksjon er at den skal hindre resten av støttefyllinga i å bli erodert vekk i en situasjon med utstrømmende vann eller overtopping.

På tross av at norske dammer i de siste 30 til 40 år har blitt plastret er det lite kunnskap om styrken ved forskjellige plastringsmetoder. I 2011 startet forskningsprosjektet "Fullskalaforsøk på plastring av fyllingsdam" som er finansiert gjennom Energi Norge. I dette forskningsprosjektet inngår noen storskala forsøk i felt og todimensjonale laboratorieforsøk som utføres på NTNU. Laboratorieforsøk og prototypforsøk for å undersøke parametere som helning på dammen, steinstørrelse og ulik plassering av plastringssteiner er utført i masteroppgaver i 2012 til 2015. I februar 2013 startet også en 4-årig doktorgradsstudie om temaet. Forskningsprosjektet er finansiert gjennom Energi Norge med støtte fra Forskningsrådet.

### 2 HOVEDPUNKT I OPPGAVEN

Formålet med oppgaven er finne ut hvordan forskyvninger utvikler seg ved damkrona under overtopping. Tidligere forsøk i laboratoriet viste, at det forskyvninger akkumulerer seg ved damkrona. Det oppstår en åpning i plastringen som etter hvert fører til dambrudd. Formålet med oppgaven er å beskrive hvordan forskyvningene blir til og omfanget. Oppgaven løses ved hjelp av fysiske modellforsøk og feltforsøk i stor skala.



Oppgaven skal omfatte følgende hovedpunkter:

1. Litteraturstudie om plastring i både norsk og internasjonal litteratur.
2. Utarbeidelse av en hypotese om hvordan og hvorfor forskyvingene oppstår.
3. Bidra med gjennomføring av storskala forsøk i felt.
4. Dokumentasjon av feltforsøk.
5. Planlegging av fysiske modellforsøk for å gjenskape feltforsøkene.
6. Utføre de planlagte modellforsøk og dokumentere målingene.
7. Resultatene fra feltforsøk og modellforsøk sammenlignes og tolkes.
8. Sammenlign resultatene med litteraturen og tidligere utførte forsøk.
9. Kritisk diskusjon av resultatene og rapportering.

Diskusjoner med veiledere brukes for å planlegge modellforsøkene i detalj. Gjennomføring av felt- og modellforsøk skjer i sammenheng med en doktorgradsstudie.

### **3 RETTLEDNING, DATA OG INFORMASJON**


Professor Leif Lia vil være hovedveileder og vil sammen med stipendiat Priska Helene Hiller (medveileder) veilede arbeidet. Diskusjon med, og bidrag fra, kollegaer, studenter og medarbeidere ved NTNU, SINTEF, NVE og andre dameiere anbefales. Bidrag som går inn i oppgaven skal alltid refereres til på korrekt måte.

### **4 RAPPORTFORMAT, REFERANSER OG ERKLÆRING**

Oppgaven skal skrives i et tekstbehandlingsprogram og figurer, tabeller, foto etc. skal være av god rapportkvalitet. Rapporten skal inneholde et sammendrag, en innholdsliste, en liste over figurer og tabeller, en litteraturliste og opplysninger om andre relevante referanser. Sammendraget skal ikke overskride 450 ord og skal være egnet for elektronisk rapportering. Elektroniske data fra modellforsøk (f. eks. video og rådata fra måleutstyr) skal innleveres elektronisk på en ryddig og strukturert måte. Oppgaven skal leveres som pdf i DAIM og trykkes i fire eksemplar som leveres faglærer/institutt. Det legges opp til en muntlig presentasjon før innlevering.

Masteroppgaven skal ikke leveres senere enn onsdag **21. desember 2015**.

Trondheim, 3. juli 2015

  
\_\_\_\_\_  
Prof. Leif Lia

## Samandrag

Skråningsvern utført som plastring er ein særskild norsk byggemåte nytta for erosjonssikring av fyllingsdammar sidan 1950-talet. Nedstrøms skråning av ein fyllingsdam er normalt tørr, men kan i ulykkestilfelle verte utsett for gjennomstrømming eller overtopping. Internasjonalt er det mest vanleg med skråningsvern utført som rausa skråning, og det meste av forskning på skråningsvern er gjort for rausa skråning. Modellforsøk ved NTNU våren 2015 synte forskyvingar i storleiksorden  $2d_{50}$  før plastringlaget kollapsa og føremålet med denne oppgåva er å skildre korleis forskyvingane oppstår og omfanget av desse.

Under feltforsøk vart det bygd 3 m høge dammar med nedstrøms helling 1:1.5 og  $d_{50} = 0.37$  m. Det vart bygd to forsøksdammar med skråningsvern utført som plastring med  $\alpha = 60^\circ$  og ein forsøksdam med skråningsvern utført som rausa skråning. For feltdammen med rausa skråningsvern var brotvassføring  $0.5 \text{ m}^2/\text{s}$  og for feltdammane med plastra skråningsvern var brotvassføring  $5.8 \text{ m}^2/\text{s}$  og  $7.8 \text{ m}^2/\text{s}$ . Modellforsøka vart bygde på tett underlag med helling 1:1.5 og skråningsvern av stein med  $d_{50} = 57$  mm. Skalering av avstand, tid og vassføring vart gjort med det steinbaserte Froudetallet. Modelldammen bygde med rausa skråning gjekk til brot ved skalert belastning frå felt. Modelldammane bygde med plastra skråningsvern skalert frå felt tolte meir enn maksimal tilgjengeleg vassføring i laboratoriet,  $490 \text{ l/s}$ .

Under feltforsøka vart det ikkje målt forskyvingar som var større enn måleusikkerheita. Forsøk med skråningsvern utført som rausa skråning vart belasta til brot og det er difor ikkje målt forskyvingar for desse forsøka. For modellforsøka med plastra skråning er det målt forskyving opp til 25 mm langs damaksen og frå -25 mm til +20 mm i planet ut av skråninga utan at det vart brot. Dei største forskyvingane er målte ved overgangen mellom krone og helling, medan nedover damhellinga er forskyvingane mindre.

For å få brot under modellforsøka har det vore nødvendig å fjerne stein for hand og det er ikkje funne kor stor forskyving som er nødvendig for å få brot. Det er sannsynleg at forskyving oppstår ved at stein vert pakka tettare under belastning ettersom forsøks med høg plastringstettleik gav mindre forskyvingar enn forsøk med høg plasteingstettleik. Ved større damlengd på modellforsøk vil forskyvingane verte større og det kan vere enklare å skildre desse.

## Abstract

Using placed riprap as erosion protection on rockfill dams is a Norwegian building method used since the 1950s. The downstream slope of embankment dams is usually dry but during accident cases it can be exposed to erosion or overtopping. Internationally dumped riprap is the most common way to protect rockfill embankment dams and most research is done for dumped riprap. Model tests at NTNU during spring 2015 showed displacements at the dam crest in the size  $2d_{50}$  before the placed riprap collapsed. The scope of this thesis is to explain how these displacements develop and the size of these.

Field tests are performed on dams with height 3 m, downstream slope 1:1.5 and  $d_{50} = 0.37$  m. Two field tests were performed on dams built with placed riprap as erosion protection with an angle between the longest axis on stones and the dam slope  $\alpha = 60^\circ$  and one field test was performed on a dam with dumped riprap as erosion protection. The field test on dumped riprap broke at discharge  $q = 0.5 \text{ m}^2/\text{s}$  while break during tests of the dams with placed riprap happened at  $5.8 \text{ m}^2/\text{s}$  and  $7.8 \text{ m}^2/\text{s}$ . Model tests were built on an impermeable base with slope 1:1.5 and riprap with  $d_{50} = 57$  mm. The scaling of geometry, time and discharge were performed by a stone based Froude number. The model test with dumped riprap broke at a load scaled from the field test with dumped riprap. The model tests with placed riprap maintained a higher load than available, 490 l/s.

During the field tests there were no displacements larger than the expected margin of error. The tests with dumped riprap were loaded until breaking without measuring displacements. During model tests measured displacements were as large as 25 mm along the dam axis and between -25 and +20 mm in the direction perpendicular to the dam axis. The largest displacements were found in the transition zone from the crest to the slope, while the displacements further down the slope were smaller.

In order for the model test to break it was necessary to remove stones from the placed riprap by hand. The displacement length necessary for the riprap to fail is not found. While testing riprap with a large number of stones per area the displacements were smaller than while testing riprap with a smaller number of stones per area. Thus it is probable that displacements happen when stones get more tightly placed. Tests on dams with a higher length will probably give larger displacements that are easier to explain.

## Forord

Denne masteroppgåva er det avsluttande arbeidet mitt som student ved NTNU. Det har vore svært lærerikt og interessant å arbeide med problemstillinga. Eg har lært mykje av både fagleg, praktisk og mindre fagleg art og det er vemodig at dette arbeidet nå går mot ein slutt.

Etter sol og sommarvarme i store deler av august vart det regn og vind under feltforsøka. Dette var utfordrande under oppsett av måleutstyr og måling av dammen og under forsøk. Under feltforsøk 1 regna det under laserscanning av dammen og vi måtte vi stå med eit liggeunderlag for å skjerme laseren mot regndropar på vindauget. Under feltforsøk 2 måtte til sist Bastian legge seg på beina til laserscanneren for at den skulle forstå at den stod stille og i vater. Under feltforsøk 2 viste værvarslinga mykje regn fram til kort tid for forsøket, men regnet passerte heldigvis søraust for oss og sidan kameraet til Svein Rune Erland Skilnand heldigvis ikkje vart øydelagt under feltforsøk 1 kunne han vere med. Forsøksområdet ligg rett ved eit sauesankingsområde og under forsøk måtte gjerdene takast bort slik at dei ikkje skulle øydeleggjast av vatnet og enkelte sau fann anledning til å hoppe forbi gjerdet og måtte hjelpast tilbake på plass. Feltforsøka kunne ikkje vore gjennomførte utan Richard Bjørnestøl frå TT som bygde alle feltdammane og arbeidde lange dagar for at vi skulle få gjort forsøk. Tusen takk! Takk går og til Sira-Kvina kraftselskap som stilte med lukemannskap og anna praktisk hjelp før og under forsøk. Jochen Bastian Dost, utvekslingsstudent frå universitetet i Trier var med under feltforsøka og gjorde mykje at det tyngste fysiske arbeidet med bæring og installering av måleutstyr saman med Geir Tesaker frå laboratoriet ved NTNU.

Modellforsøka i laboratoriet var ikkje like innhaldsrike som feltforsøka men det har vore meir oversiktlig, tørt og varmt og arbeidsdagane har ikkje vore avhengige av vær, vind og lys. Forsøka er utførte med stein frå Franzefoss AS. Takk! Takk går og til Eirik og Jens som har vaska alle stein som er nytta under forsøka, målt 500 plastringsstein sikta støttefyllingsstein.

Både felt og modellforsøk er gjennomførte i samarbeid med medvegleiar og doktorgradsstipendiat Priska Helene Hiller. Du har gjeve god og tett oppfølging undervegs og hjelp til å halde motivasjonen oppe under n-te forsøk som ikkje gjekk til brot som forventa. Takk går og til vegleiar Leif Lia som fekk meg inn på dette sporet etter sjukdom som gav utsatt prosjekt og masteroppgåve. Begge har vore raske med å svare på mail og verkar alltid å ha tid når eg lurar på noko –tusen takk!

Til slutt går stor takk til Andreas, venner og kontorfellesskapet. Takk for tid, lyttande øyre, trøst og oppmuntring og god hjelp til å fullføre oppgåva i sluttfasen.

Trondheim, 20.desember 2015

Fredrikke Kjosavik



## Innhald

Samandrag.....	I
Abstract .....	II
Forord .....	III
Innhald.....	V
Figurliste .....	VII
Tabelliste .....	X
I. Innleiing .....	1
II. Teori.....	3
i. Parametre som beskriv styrken til skråningsvern .....	3
ii. Modelling .....	10
iii. Definisjonar for brot.....	11
iv. Krav til sikkerheit, laster og påkjenningar i noreg.....	12
III. Metode og materiale.....	15
i. Teori.....	15
ii. Storskala feltforsøk.....	15
iii. Laborieteteknikk .....	22
iv. Modellforsøk i laboratoriet ved NTNU.....	25
IV. Resultat.....	31
i. Oppsett og målingar .....	31
ii. Første stein, brot, steinbasert froudetal.....	40
iii. Forskyvingar .....	41
V. Diskusjon .....	53
i. feltforsøk .....	53
ii. Modelling .....	53
iii. Modellforsøk .....	54
iv. Samanlikning .....	58
v. Konklusjon .....	59
vi. Vidare arbeid .....	60

VI. Referanser .....	63
Vedlegg.....	65
<b>A.</b> Feltforsøk 1 plastra skråningsvern .....	1
<b>B.</b> Feltforsøk 2 plastra skråningsvern .....	6
<b>C.</b> Feltforsøk 3 rausa skråningsvern .....	9
<b>D.</b> Modellforsøk 8 plastra skråningsvern.....	12
<b>E.</b> Modellforsøk 9 plastra skråningsvern.....	32
<b>F.</b> Modellforsøk 10 rausa skråningsvern .....	42
<b>G.</b> Modellforsøk 11 plastra skråningsvern.....	45
<b>H.</b> Modellforsøk 12 plastra skråningsvern.....	55
<b>I.</b> Steinmålingar .....	59
<b>J.</b> MATLAB .....	63
<b>K.</b> Elektroniske vedlegg, oversikt.....	74

Elektroniske vedlegg er tilgjengelege ved Institutt for Vatn og Miljøteknikk

## Figurliste

Figur I-1 Dam Svartevatn.....	1
Figur I-2 Steinfyllingsdam med sentral tetting av morene, snitt. ....	2
Figur II-1 Krefter på stein utsett for strømmende vatn .....	3
Figur II-2 Kornfordelingskurve, feltforsøk 2015. ....	5
Figur II-3 Zingg's diagram .....	6
Figur II-4 Plastring med $b/a = 1$ .....	7
Figur II-5 Plastring med $b/a = 0.5$ .....	7
Figur II-6 Vinkel $\alpha$ til lengste akse a til stein i ei helling 1:1.5 .....	9
Figur III-1 Dam Svartevatn, område for feltforsøk.....	15
Figur III-2 Raster på forsøksdammar i felt.....	17
Figur III-3 Raster nytta for å fastsetje plastringstettleiken på feltforsøksdam 2.....	17
Figur III-4 Zinggs diagram feltforsøk.....	19
Figur III-5 Bilete frå feltforsøk 2. ....	20
Figur III-6 Bilete frå feltforsøk 2. ....	21
Figur III-7 Planlagd kjøremønster i felt.....	22
Figur III-8 Prinsippskisse modellforsøk.....	25
Figur III-9 Zinggs diagram modellforsøk.....	26
Figur III-10 Modellforsøk 8, $\alpha$ .....	27
Figur III-11 Modellforsøk 9, $\alpha$ .....	27
Figur III-12 Modellforsøk 10, $\alpha$ .....	27
Figur III-13 Modellforsøk 11, $\alpha$ .....	27
Figur III-14 Modellforsøk 12, $\alpha$ .....	27
Figur III-15 Område for å fastsetje plastringstettleiken for modelldam 11.....	28
Figur IV-1 Plastringstettleik forsøksdammar.....	32
Figur IV-2 $q = 29$ l/s.....	33
Figur IV-3 Modellforsøk 9, $q = 100$ l/s.....	33
Figur IV-4 Modellforsøk 9, $q = 200$ l/s.....	33
Figur IV-5 Modellforsøk 9, $q = 300$ l/s.....	33



Figur IV-6 Modellforsøk 9, $q = 400$ l/s .....	33
Figur IV-7 Modellforsøk 9, $q = 450$ l/s .....	33
Figur IV-8 Feltforsøk 1 .....	34
Figur IV-9 Feltforsøk 2 .....	35
Figur IV-10 Feltforsøk 3 .....	35
Figur IV-11 Modellforsøk 8, første del av forsøk som var skalert frå felt .....	36
Figur IV-12 Modellforsøk 9, forsøksbelastning skalert frå felt.....	37
Figur IV-13 Modellforsøk 10, belastning .....	38
Figur IV-14 Modellforsøk 11, belastning skalert frå feltforsøk .....	38
Figur IV-15 Modellforsøk 11, siste belastningsperiode.....	39
Figur IV-16 Modellforsøk 12, belastning. Vasstand er ikkje registrert. ....	40
Figur IV-17 Feltforsøk 1, laserscanmålte forskyvingar, akse for endring til høgre .....	41
Figur IV-18 Modellforsøk 8 etter forsøk kjørt til 490 l/s. ....	45
Figur IV-19 Modellforsøk 8 før start handplukking av stein. ....	45
Figur IV-20 Modellforsøk 8, fem stein fjerna med handmakt markert med rombe.....	45
Figur IV-21 Modellforsøk 8, siste bilete teke før brot.....	45
Figur IV-22 Modellforsøk 9.....	48
Figur IV-23 Modellforsøk 9.....	48
Figur IV-24 Modellforsøk 11.....	50
Figur IV-25 Modellforsøk 11.....	50
Figur IV-26 Modellforsøk 12, store forskyvingar.....	51
Figur V-1 Reynoldstalet .....	54
Figur V-2 Webertalet <sup>0.5</sup> .....	54
Figur V-3 Modellforsøk 12, $t = 0$ s .....	55
<i>Figur V-4 Modellforsøk 12, <math>t = 10</math> s .....</i>	55
Figur V-5 Modellforsøk 12, $t = 20$ s .....	55
<i>Figur V-6 Modellforsøk 12, <math>t = 30</math> s .....</i>	55
Figur V-7 Modellforsøk 12, $t = 40$ s .....	55
Figur V-8 Modellforsøk 12, $t = 50$ s .....	55
Figur V-9 Forskyving langs X-aksen som funksjon av plassering langs damaksen.....	56

Figur V-10 Forskyving langs Z-aksen som funksjon av plassering langs damaksen .....	56
Figur V-11 Ekstrapolerte brotvassføringer .....	57
Figur V-12 Modellforsøk 8: Forskyving langs X-aksen.....	57
Figur V-13 Steinbasert Froudetal for vassføring når første stein gjekk .....	58
Figur V-14 Steinbasert Froudetal for vassføring for brot.....	58
Figur V-15 Diameter som funksjon av einingsvassføring .....	59
Figur V-16 Forskyving som funksjon av plastringstettleiken.....	60

## Tabelliste

Tabell II-1 Klassifisering av stein.....	5
Tabell II-2 Skaleringsfaktorar med bruk av det steinbaserte Froudetalet .....	11
Tabell II-3 Krav til steinstorleik eller minste ulykkesvassføring for fyllingsdammar.....	12
Tabell II-4 Forslag til dimensjonering av plastringsstein på fyllingsdammar (NVE, 2012).....	13
Tabell III-1 Ønska dimensjon på stein i skråningsvernet.....	16
Tabell III-2 Bygde dammar i felt .....	18
Tabell III-3 Planlagd kjøremønster i felt .....	22
Tabell III-4 Skaleringsfaktor .....	24
Tabell III-5 Skalering av belastning frå felt til modellforsøk.....	24
Tabell III-6 Modelldammar .....	28
Tabell IV-1 Byggemåte.....	31
Tabell IV-2 Hastigheitsmåling.....	32
Tabell IV-3 Total belastning modellforsøk 8.....	36
Tabell IV-4 Total belastning modellforsøk 9.....	37
Tabell IV-5 Total belastning modellforsøk 11 .....	39
Tabell IV-6 Brotvassføringar .....	40
Tabell IV-7 Modellforsøk 8, laserscanning .....	42
Tabell IV-8 Modellforsøk 9, laserscanning .....	43
Tabell IV-9 Modellforsøk 11, laserscanning .....	43
Tabell IV-10 Modellforsøk 12, laserscanning .....	44
Tabell IV-11 Modellforsøk 8, forskyvingar [mm].....	46
Tabell IV-12 Modellforsøk 9, forskyvingar [mm].....	48
Tabell IV-13 Modellforsøk 11, forskyvingar [mm].....	50
Tabell IV-14 Modellforsøk 12, forskyvingar [mm].....	51


## I. Innleiing

I Noreg er det 170 steinfyllingsdammar som er rekna å ha stor konsekvens ved brot (NVE-SIV, 2014) og ein av dei største er dam Svartevatn i Sirdal som har høgde 129 m og er vist i Figur I-1. Ein fyllingsdam er ein steinfyllingsdam om minst 50 % av volumet til dammen er av sprengstein (NVE, 2012).



*Figur I-1 Dam Svartevatn*

Det er vanleg med sentral tetning av morene (1) som synt i Figur I-2, men det er nytta andre tettemateriale og plassering av tettlaget. Ein steinfyllingsdam med morenekjerne må byggast opp i fleire lag (2), (3) for å sikre filterfunksjon. Filter sikrer at dammen er sjølvnettande ved eventuelle lekkasjer. Det ytre laget er skråningsvern (5) som for norske steinfyllingsdammar skal utførast som plastring. Skråningsvernet skal halde skråninga stabil og underliggjande massar på plass sjølv om det skulle strøme vatn over eller gjennom dammen. Internasjonalt er det meir vanleg at skråningsvernet er bygd opp som rausa skråning. Det er vanleg med slakare hellingar enn det som er tilfelle på norske dammar med helling 1:1.5. Internasjonal forskning på temaet har difor avgrensa overføringsverdi til norske tilhøve.



Figur I-2 Steinfyllingsdam med sentral tetting av morene, snitt.

1 Tettekjerne av morene; 2 Filter av sand; 3 Overgangssone av finsprengt stein; 4 Støttefylling; 5 Skråningsvern

For å sikre at skråningsvernet er stabilt er det gjeve laster for ulykker og brukstilstand som dammane skal tole, desse krava er avhengige av konsekvensen ved brot. Kor stor vassføring eit skråningsvern toler er mellom anna avhengig av steinstorleik og korleis plastringa er lagt og det er usikkerheit knytt til storleiken. Doktorgradsarbeidet som denne oppgåva er utført i samband med er ein del av forskingsprosjektet «Fullskalaforsøk på plastring av fyllingsdammar» som er finansiert frå Energi Norge frå 2011.

I forkant av dambrot har det vorte målt forskyvingar i skråningsvern utført som plastring. Forskyvingane har ført til ei glipe i overgangen mellom damkrone og damhellingsa. Når forskyvingane er store nok er det ikkje lenger godt nok forband mellom stein rundt glipe og stein vert eroderte bort til heile plastringa er borte. Nødvendig storleik på glipe er om lag  $2d_{50}$  registert ved (Jakobsen, 2015) og tilsvarande er skildra frå (Pettersen, 2015).


Hypotese: Forskyvingane kjem av at stein pakkar seg endå tettare ved belastning. Dette indikerer at forskyving er avhengig av plastringstettleik. Ved høg plastringstettleik vil det vere mindre plass for stein å forskyve seg medan ved låg plastringstettleik er det meir luft mellom stein. Forskyving vert akselerert når stein forsvinn frå plastringa, då går plastringstettleiken ned lokalt. Forskyving i samband med at stein forsvinn frå plastringa er størst umiddelbart etter at stein forsvinn, men skjer og over lang tid i etterkant.

Alternativ-hypotese: Forskyvingar skjer ved at plastringslaget vert krumma og slik tek mindre plass. Dette inneber at plastringa anten mister kontakt med underliggjande støttefylling eller vert bøygd inn i støttefyllinga om det er plass i denne. Dette er avhengig av komprimeringsgrad for støttefyllinga.



## II. Teori

Fyllingsdammar har tydeleg skilde soner som skal sikre filterfunksjon mellom tettekjerna og støttefyllinga. Filtre skal sikre at massar frå indre lag vil tette hol i ytre lag i tilfelle erosjon og vil gjere at dammen er sjølvreparerande. Norske fyllingsdammar som er bygde etter 1950-talet har eit særmerkt kjenneteikn med skråningsvern av store stein på oppstraums og nedstraums side. Skråningsvernet skal sikre støttefyllinga mot erosjon i tilfelle overtoppande eller utstrømmande vatn i ein ulykkessituasjon.



Figur II-1 Krefter på stein utsett for strømmende vatn

Kreftene som verker på ein stein i strømmende vatn, er synte i Figur II-1. Steinen i Figur II-1 vil vere stabil mot løft om Likning (II-1) er sann og stabil mot velt om Likning (II-2) er sann. Det er dei same kreftene som verker på stein i eit skråningsvern som på enkeltstein, men storleiken og angrepsvinkelen til dei ulike kreftene er avhengig av retning på vasstraum og vil vere forskjellige for kvar stein.

$$F_L = C_L A \rho \frac{v^2}{2} < (\gamma_s - \gamma_v) L b h = W \quad (\text{II-1})$$

$$(W - F_L) \frac{L}{2} > F_D \frac{h}{2} = C_D A \rho \frac{v^2 h}{4} \quad (\text{II-2})$$

### I. PARAMETRE SOM BESKRIV STYRKEN TIL SKRÅNINGSVERN

For å bestemme styrken til eit skråningsvern er det nødvendig å kjenne fleire ulike parametrar. Ei gruppe parametrar er fysiske eigenskapar til stein som eigenvekt, styrke og form. Ei gruppe parametre er eigenskapar til dammen som hellingsvinkel og høgde. Til sist er

det viktig korleis stein er plassert ut, om skråningsvernet er utført som plastring eller rausa skråning.

### Eigenvekt til stein, $\rho$ [ $\frac{kg}{m^3}$ ]

Eigenvekta til stein gjev storleiken på tyngdekrafta eller gravitasjonskrafta som verker per volum stein. Eigenvekta er masse per volum som syn i Likning (II-3). Eigenvekta er avhengig av steinsort og kan og beskrivast som tyngdetettleik gjeve ved Likning (II-4). For norske tilhøve kan det vanlegvis nyttast tyngdetettleik i storleik  $26 \frac{kN}{m^3}$  (NVE, 2012). Eigenvekta kan finnast ved å måle volumet og tyngda til ein stein. For mindre stein kan dette gjerast ved å senke stein i ei bøtte med vatn slik at vekta til vatnet som vert fortrennd av steinen gjev volumet til steinen. For større stein er det nødvendig med større utstyr for å måle volum og vekt. Etersom tyngda er tett bunde saman med storleiken kan Likning (II-6) (NVE, 2012) nyttast for å rekne frå vekt til diameter og tilbake.  $C_f$  er ein konstant som gjev kubiskheita til stein, oftast mellom 0.4 og 0.8, kan vanlegvis setjast til 0.6 (NVE, 2012).  $C_f$  kan fastsetjast ved Likning (II-5) (CIRIA; CUR; CETMEF, 2007).

$$\rho = \frac{m}{V} \quad (II-3)$$

$$\gamma = \rho g \quad (II-4)$$

$$C_f = \frac{m}{\rho abc} \quad (II-5)$$

$$d = \left(\frac{W}{C_f \gamma_r}\right)^{1/3} \quad (II-6)$$

### Steinstorleik, $d$ [m] eller $V$ [m<sup>3</sup>]


Storleiken til stein kan beskrivast i form av volum eller diameter. Gjennomsnittleg diameter kan gjevast ved Likning (II-7), der  $a$ ,  $b$  og  $c$  er lengda til lengste, mellomste og kortaste akse, sett vinkelrett mot kvarandre. Likning (II-8) er ei omskriving av Likning (II-6) og kan nyttast for å rekne om mellom volum og diameter.

$$d = \sqrt[3]{abc} \quad (II-7)$$

$$V = \frac{d^3}{C_f} \quad (II-8)$$

Ofte er det nyttig å karakterisere ei mengde stein, heller enn å beskrive enkeltstein nøye. Dette kan gjerast ved å nytte ei kornfordelingskurve som i Figur II-2 der nominell storleik kan lesast av. Nominell storleik er storleiken som 50 masse-% av prøva er mindre enn. I Figur II-2 er  $d_{50} = 368$  mm for den blå, heile linja. Ei bratt kornfordelingskurve som den blå heile linja, tyder på ei uniform prøve med liten skilnad mellom minste og største stein. Ei slakare kornfordelingskurve som den røde stipla linja tyder på ei medium eller velgradert prøve med

store skilnader i storleik i prøva. Det finst ulike måtar å beskrive gradering på med ulike utgangspunkt og framgangsmåtar. Ulike klassifiseringsmåtar er gjeve i Tabell II-1.



Figur II-2 Kornfordelingskurve, feltforsøk 2015.

Tabell II-1 Klassifisering av stein

	Geoteknikk (Emdal, 2009)	Rock Manual (CIRIA; CUR; CETMEF, 2007)		Rettleiar for fyllingsdammar (NVE, 2012)
Klassifisering	$d_{60} / d_{10}$	$D_{85}/D_{15}$	$M_{85}/M_{15}$	$d_{100} / d_0 = d_{maks} / d_{min}$
Uniform	< 5	< 1.5	1.7-2.7	< 1.7
Medium	5 – 15	1.5 – 2.5	2.7-16	
Velgradert	> 15	2.5 – 5.0	16-125+	

Tilgjengeleg forskning indikerar at vid gradering gjev betre styrke til skråningsvern ved at det gjev mindre hulrom mellom stein (Mishra & Ruff, 1998). Liknande er rapportert frå (Jenssen & Søreide, 2004) og (Khan & Ahmad, 2011). Forsøk i (Jenssen & Søreide, 2004) er gjort med rausa steinfylling. Skråningsvern utført som rausa skråning er vanleg internasjonalt og det er difor sannsynleg at resultat frå (Mishra & Ruff, 1998) og (Khan & Ahmad, 2011) gjeld rausa skråning, ettersom anna ikkje er nemnd. Det er usikkert om vid gradering og gjev betre styrke for skråningsvern utført som plastring. Den norske rettleiaren for fyllingsdammar gjev tilråding om uniform gradering av stein i skråningsvernet (NVE, 2012).

Det er vanleg å gje nødvendig steindiameter som ein funksjon av damhelling og vassføring for å skildre forsøk eller som kriterium ved dimensjonering. Likning (II-9) er anbefala ved dimensjonering av steinstorleik for fyllingsdammar etter (NVE, 2012). Likning (II-10) skildrar



forsøk frå (Mishra & Ruff, 1998) medan Likning (II-11) skildrar kollaps av lastbærande skjelett i damtå frå forsøk dokumenterte i (EBL Delprosjekt 2, 2005). Likning (II-9) bygger på Likning (II-11) men er inklusiv sikkerheitsfaktor 3  $q$ .

$$d_{min} = 1.0 N^{0.43} q^{0.78} \quad (II-9)$$

$$d_{50} = 0.5 N^{0.31} q^{0.53} \quad (II-10)$$


$$d_{50} = 0.43 N^{0.43} q^{0.78} \quad (II-11)$$

## Steinform


Ei sfærisk eller avrunda form vil gje mindre knusing og flaking under transport og bygging enn kubisk stein. Kubisk stein vil vere lettare å bygge saman og legge i forband med andre stein (Vartdal, 2004). Kubiskheit er gjeven ved Likning (II-5). Frå (Abt, et al., 1991) er det måla 40 % lågare brotvassføring for avrunda stein enn for kubiske stein. Etter (Khan & Ahmad, 2011) bør det nyttast tilleggsfaktor ved bruk av runda stein.

## Forhold mellom akse a, b og c


Eit anna mål på steinform kan gjevast ved forholdet mellom dei ulike aksane. Dette kan uttrykkast ved forholdet  $b/a$  mot  $c/b$  i Zingg's diagram (Zingg, 1935) synt i Figur II-3.



Figur II-3 Zingg's diagram



Figur II-5 Plastring med  $b/a = 0.5$



Figur II-4 Plastring med  $b/a = 1$

Plastringsstein skal leggest med lengste akse  $a$  inn mot hellinga. Lengste akse  $a$  bør vere tilnærma like lang for alle stein slik at ingen stein står ut av plastringa og vert meir utsett for dragkrefter ved ei eventuell overtopping eller ved erosjon. Vidare bør akse  $b$  vere kortare enn akse  $a$  som vist i Figur II-5 slik at stein kan leggjast i forband med god kontakt mellom stein. Dersom akse  $b$  er like lang som akse  $a$ , vil steinane få mindre kontaktflate mot kvarandre, dette er vist på Figur II-4. Stein vil alltid vere noko avrunda, slik at Figur II-5 og Figur II-4 gjev større kontaktflater mellom stein enn slik det er i røynda. For å sikre godt forband mellom stein, er det difor nødvendig med  $b < a$ . Akse  $b$  og  $c$  kan gjerne være like store, ettersom steinane vil orienterast og leggjast om kvarandre etter kva som passer. Dersom forholdet  $b/a$  er lite vil stein vere flat og smal med større fare for deling. Dessutan vil det vere behov for fleire stein for å dekke eit område om forholdet  $b/a$  er lite.

Det er med andre ord ønskeleg at forholdet  $c/b$  er nærare ein og at forholdet  $b/a$  verken er for stort eller for lite. Eit forslag til mål for ønska steinform kan difor vere  $1/3 < b/a < 2/3$  og  $1/2 < c/b < 1$ . Dersom det er tilnærma lik lengd på akse  $a$  for alle stein vil dette gje relativt lik

storleik på stein, som og er eit råd frå (NVE, 2012). Stein med ønska kornform vil kome i det skraverte området i Figur II-3.

### Damhelling og brotmekanismer

Maksimal damhelling  $N$  er avgrensa av friksjonsvinkelen til massane den er bygd med. Dersom friksjonsvinkelen vert mindre enn hellingsvinkelen vil det verte utglidingar som gjev lågare hellingsvinkel. Friksjonsvinkelen til massane er mellom anna avhengig av poretrykket, og høgare poretrykk gjev lågare friksjonsvinkel.

Dominerande brotmekanisme er avhengig av damhellinga. For bratte damhellingar er dominerande brotmekanisme masseutglidingar medan for slake damhellingar vert det vanlegvis utvikla ein eller fleire erosjonskanalar som fører til at heile dammen vert gravd ut og kollapsar (Moran & Toledo, 2011). Tilsvarande er rapportert frå (Vartdal, 2005), og grensa mellom slak og bratt damhelling er sett til 1:2, der er begge brotmekanismene dominerande. Forsøk med damhelling 1:3 – 1:1.5 indikerer at brotvassføring ikkje er avhengig av damhelling (Vartdal, 2005).

Norske fyllingsdammar vert vanlegvis bygde med damhelling 1:1.5 som synt i Figur II-6, og det er ikkje tillate med brattare helling (NVE, 2012). Internasjonalt er det vanleg med hellingar ned til 1:100.


### Damhøgde

Damhøgda saman med damhelling gjev lengde på skråningsvernet. Det er indikert at nødvendig steindiameter vert mindre ved aukande damhøgde for skråningsvern utført som rausa skråning (Martins, 1981). (Vartdal, 2005) gjev liknande indikasjon etter forsøk med rausa skråningar og høgde 0.3 m og 0.45 m.

### Utleggingsmåte

Skråningsvern kan utførast som plastring eller rausa skråning. Skråningsvern utført som plastring er ein teknikk som er mest vanleg i Noreg og Sverige (Moran & Toledo, 2011), og det er difor lite internasjonal forskning som er gjort.

Skråningsvern utført som rausa skråning vil seie at stein er tilfeldig lagt ut eller dumpa. Å utføre skråningsvern som rausa skråning er ein effektiv måte å dekke ei overflate på og stiller ikkje store krav til kompetanse hjå utførande.



Figur II-6 Vinkel  $\alpha$  til lengste akse  $a$  til stein i ei helling 1:1.5

Skråningsvern utført med plastra stein vil seie at stein er lagt ut enkeltvis med forband mellom stein. Etter (Damsikkerhetsforskrifta, 2009) skal norske fyllingsdammar ha skråningsvern utført med plastra stein og lengste akse  $a$  med ha fall innover i dammen (NVE, 2012). Vinkelen mellom lengste akse  $a$  og damhellinga,  $\alpha$ , er synt i Figur II-6. Forsøk utførte i samband med master og prosjektoppgåver ved NTNU syner aukande styrke mot overtoppande og gjennomstrømmande vatn ved aukande vinkel  $\alpha$ . Størst styrke er synt ved  $\alpha = 90^\circ$  (Amundsen, 2012). Å legge plastring med  $\alpha = 90^\circ$  er vanskeleg i stor skala (Langaker, 2012), medan  $\alpha = 60^\circ$  er praktisk mogleg i full skala (Bogfjellmo, 2013). Det er synt at skråningsvern utført som plastring med  $\alpha = 60^\circ$  toler meir enn 4 gonger så stor vassføring enn skråningsvern utført som rausa skrånning (Langaker, 2012), (Jakobsen, 2015), (Pettersen, 2015).

Å bygge skråningsvern utført som plastra skrånning krev større kunnskap og kompetanse enn å bygge skråningsvern utført som rausa skrånning. Dette vart mellom anna synt i (Røer, 2013) der brotvassføringa vart 68 og 18 m<sup>3</sup>/s for to dammar som skulle vere likt bygde. Det er viktig at det ikkje er glippsoner eller renner i plastringa, då vil styrken vere som styrken til rausa skråningsvern (Pettersen, 2015).

Eit indirekte mål på forband mellom stein, er plastringstettleik. Høg plastringstettleik tyder på at stein ligg tett, med moglegheit for godt innbyrdes forband. Låg plastringstettleik tyder på meir avstand og luft mellom stein, slik at det ikkje er like godt forband. For denne oppgåva er plastringstettleiken gjeven som mengda stein per  $d_{50}^2$ , då vert plastringstettleiken direkte samanliknbar for ulike steinstorleik.

## II. MODELLERING

Styrken til skråningsvern på fyllingsdammar må testast ved destruktiv metodar, og dette er av praktiske og økonomiske årsaker ikkje mogleg å gjere i full skala. Forsøk må difor gjerast i mindre skala og resultat skalerast til faktisk storleik. Skalering må skje med tanke på fleire faktorar for å unngå skalaeffektar som gjev unøyaktige resultat.

Geometri må skalerast slik at vinklar og hellingar er like ved å nytte skaleringsfaktoren gjeven ved Likning (II-12) nyttast.

$$L_{ratio} = \frac{L_{modell}}{L_{prototyp}} \quad (II-12)$$

Vidare må det vere kinematisk likskap for å ha liknande rørsler mellom vasspartiklane i prototype og i modell, dette tyder at hastigheita til vasstraumen må skalerast.

Til sist må det vere dynamisk likskap, at alle krefter i vatnet vert likt skalerte. I Likning (II-13) er Newtons 2.lov sett opp med kreftene som verker i vatn. For perfekt dynamisk skalering må Likning (II-14) tilfredsstillast, og det er ikkje mogleg om det skal nyttast same væske i modell og i prototype. Ofte vil nokre krefter vere vesentleg større enn andre og ved å neglisjere dei minste kreftene kan det gjerast ei tilnærming til dynamisk likskap. Kreftene som er neglisjerte kan føre til skalaeffektar som kan gjere at resultat vert ulike i modell og i prototype.

$$F_{tregheit} = F_{grav.} + F_{viskøs} + F_{overfl.sp.} + F_{el.kompr.} + F_{trykk} \quad (II-13)$$

$$F_{ratio} = \frac{(F_{treg})_m}{(F_{treg})_p} = \frac{(F_{grav})_m}{(F_{grav})_p} = \frac{(F_{visk})_m}{(F_{visk})_p} = \frac{(F_{overfl})_m}{(F_{overfl})_p} = \frac{(F_{el.k})_m}{(F_{el.k})_p} = \frac{(F_{tr})_m}{(F_{tr})_p} \quad (II-14)$$

For forsøk med turbulent vasstraum vert tilnærma dynamisk likskap nådd ved å skalere tregheitskraft og gravitasjonskraft. Froudes tal, gjeve i Likning (II-15), gjev tilnærma dynamisk likskap for turbulent vasstraum om det er det same i modell og prototype (Crowe, et al., 2010). Ved skalering med Froudes tal vert effekten av viskositet, overflatespenning, elastisk kompresjon og trykk neglisjert.

$$Fr = \sqrt{\frac{F_{tregheit}}{F_{gravitasjon}}} = \sqrt{\frac{\rho L^2 v^2}{\rho L^3 g}} = \frac{v}{\sqrt{Lg}} \quad (II-15)$$

Froudetallet er dimensjonslaust. For testing av styrken til skråningsvern er det utvikla eit steinbasert Froudetall som gjeve i Likning (II-16) (Pettersen, 2015), (Vartdal, 2004)

$$Fr_s = \frac{v}{\sqrt{Lg}} \left(\frac{d}{L}\right)^{-\frac{3}{2}} = \frac{q}{\sqrt{d^3 g}} \quad (II-16)$$

Skalering ved det steinbaserte Froudetallet vert gjort med skaleringsfaktorane gjevne i Tabell II-2 (Pettersen, 2015).

Tabell II-2 Skaleringsfaktorar med bruk av det steinbaserte Froudetallet

Parameter	Skaleringsfaktor
Lengd l, h, d	$L_r = L_r$
Areal l <sup>2</sup> , bh	$A_r = L_r^2$
Volum l <sup>3</sup> , d <sup>3</sup>	$V_r = L_r^3$
Tid t	$t_r = L_r^{0.5}$
Hastigheit, v	$v_r = L_r^{0.5}$
Vassføring q [m <sup>2</sup> /s]	$q_r = L_r^{1.5}$
Vassføring Q [m <sup>3</sup> /s]	$Q_r = L_r^{2.5}$

### Skalaeffekt

For at skalering ved Froudes modellov skal vere gyldig, må effekten av viskositeten vere neglisjerbar. Dersom Reynolds tal i Likning (II-17) er større enn 1.0-2.5 x 10<sup>6</sup> er effekten av viskositeten neglisjerbar (Pfister & Chanson, 2012).

$$Re = \frac{\rho V h}{\mu} = \frac{V h}{\nu} \quad (II-17)$$

Overflatespenning mellom vatn og luft kan vere vesentleg ved stor luftinnblanding i vasstraumen. Dersom Weber-tallet i Likning (II-18) er større enn 12.1-19.6 x 10<sup>3</sup> vil effekten av overflatespenning i innblanda luft vere neglisjerbar (Pfister & Chanson, 2012). Dersom Weber-tallet er mindre enn 12.1 x 10<sup>3</sup> kan luftinnblanding vere årsak til skalaeffektar i modell.

$$We = \frac{\rho V^2 h}{\sigma} \quad (II-18)$$

For forsøk med fri strøm over skråningsvern utført som plastring eller rausa skråning som skal skaleras i denne oppgåva, kan vatnet reknast som inkompressibelt og det atmosfæriske trykket gjev neglisjerbar kraftpåverknad.

### III. DEFINISJONAR FOR BROTT

Det finnes fleire definisjonar for brott som kan nyttast avhengig av føremål.

#### Første erosjonsteikn

Første erosjonsteikn er vanlegvis ein stein som beveger seg eller forsvinn ut av skråningsvernet. (Abt, et al., 1991) anslår at første stein gjennomsnittleg går ved 74 % av

vassføring for endeleg brot. Liknande er registert hjå (Robinson, et al., 1998) og (EBL Delprosjekt 2, 2005). Første teikn til erosjon treng ikkje vere representativ for resten av hellinga.

### Første kollektive rørsle av fleire stein

Første kollektive rørsle av fleire stein kan vere eit skred eller fleire stein som vert eroderte.

### Irreversibelt brot

Irreversibelt brot som fører til ukontrollert tapping av magasinet. Denne definisjonen er nytta for å beskrive kollaps av lastbærande skjelett i damtå utsett for gjennomstrømming i (EBL Delprosjekt 2, 2005). Verkar å vere nytta som definisjon hjå (Toledo, 2004) og (Robinson, et al., 1998). Nyttå som brotdefinisjon for denne oppgåva og er enkel å definere.

## IV. KRAV TIL SIKKERHEIT, LASTER OG PÅKJENNINGAR I NOREG

Overordna lovverk er (Vassressurslova, 2000), og dette skal sikre forsvarleg bruk og forvaltning av vassdrag. Forvaltninga er det Noregs Vassdrags- og Energidirektorat, NVE, som er ansvarleg for, og NVE kan fastsetje reglar for planlegging, drift og gjennomføring av vassdragstiltak. Vassdragstiltak skal fylle alle krav som med rimelegheit kan stillast til sikring mot fare for menneske, miljø eller eigedom. (Damsikkerhetsforskrifta, 2009) set organisatoriske krav, kvalifikasjonskrav, krav til tekniske planer, og liknande hos ansvarleg for vassdragstiltak, avhengig av konsekvens ved brot. Dammar er vassdragstiltak og konsekvens ved verst tenkjelege brot, svikt eller feilfunksjon skal vurderast for å bestemme nivå av stabilitet/tryggleik som er nødvendig. Avhengig av konsekvens er dammar delte inn i konsekvensklasse 0-4 der konsekvensklasse 4 er for dammar med størst konsekvens og konsekvensklasse 0 er for dammar utan konsekvens av verdi. Krav til fyllingsdammar avhengig av konsekvensklasse er gjeve i Tabell II-3 (NVE, 2012).

Tabell II-3 Krav til steinstorleik eller minste ulykkesvassføring for fyllingsdammar.

Konsekvensklasse	Krav i rettleiaren	Tilsvarar diameter
4	$V \geq 0,15 \text{ m}^3$	$d = \left(\frac{V}{C_f}\right)^{1/3} = \left(\frac{0,15}{0,6}\right)^{1/3} = 0,63 \text{ m}$
3	$q \geq 0,5 \text{ m}^3/\text{s}$	-
2	$q \geq 0,5 \text{ m}^3/\text{s}$	-
1	$q \geq 0,3 \text{ m}^3/\text{s}$	-

Rettleiar for fyllingsdammar rår til dimensjonering av stein til skråningsvern utført som plastring etter Likning (II-9) (NVE, 2012). Steinstorleik som sikrar at krav er oppfylte etter Likning (II-9) er gjeve i Tabell II-4.

Tabell II-4 Forslag til dimensjonering av plastringsstein på fyllingsdammar (NVE, 2012).

Konsekvensklasse	$d_{min}$ gjeve ved Likning (I-11)
3	$d_{min} = 1,0 \frac{1}{1,5}^{0,43} 0,5^{0,78} = \mathbf{0,49m}$
2	$d_{min} = 1,0 \frac{1}{1,5}^{0,43} 0,5^{0,78} = \mathbf{0,49m}$
1	$d_{min} = 1,0 \frac{1}{1,5}^{0,43} 0,3^{0,78} = \mathbf{0,33m}$





### III. Metode og materiale

#### I. TEORI

Teoridelen er utarbeidd med utgangspunkt i (Kjosavik, 2015), prosjektoppgåva som vart gjennomført i forkant av denne masteroppgåva. Tilgjengeleg litteratur, masteroppgåver ved instituttet er utgangspunktet og referanselister er hovudkjelda til vidare søk; både spesifikke artiklar og litteratur frå aktuelle forfattarar. Eldre litteratur er lånt på universitetsbiblioteket eller Institutt for Vann og Miljøteknikk, IVM, medan nyare litteratur vanlegvis er tilgjengeleg via NTNU-universitetsbiblioteket på internett.

#### II. STORSKALA FELTFORSØK

##### Forsøksoppsett og stad



Figur III-1 Dam Svartevatn, område for feltforsøk

Figur III-1 syner eit kartutsnitt av sør-Noreg med ein rød firkant som omkransar forsøksområdet. Biletet til høgre i Figur III-1 syner utløpet av overløpstunnellen der forsøksdammane vart bygde i ein rød firkant, samt området det er ein limnigraf omkransa med ein rød sirkel. Overløpet frå dam Svartevatn har luker som gjer at vatn kan tappas ved ønske i tillegg til fast overløp. Under forsøk vert øvre tappeluke nytta og denne har maksimal kapasitet på om lag  $150 \text{ m}^3/\text{s}$  ved vasstand lik HRV.

Ved tunellopninga er det ein profil med 12 m breidd i høgda ved damkrona som gjev breidd til forsøksdammane. Dammar vert bygd med gravemaskin med høgde 3 m som er på grensa til kva som er praktisk mogleg med gravemaskin ståande framføre dammen. Oppstrøms side av dammen vert bygd med plastringstein frå rehabilitering av dam Svartevatn og helling N = 1:1. Nedstrøms side byggast med helling N = 1:1.5.

## Steinstorleik

Tidlegare storskala feltforsøk ved dam Svartevatn dokumenterte frå (Røer, 2013) og (Langaker, 2012), har gjeve erfaringar kva gjeld tidsbruk for bygging og passeleg steinstorleik. Det er ønska å nytte stein som er mest mogleg tilsvarende det som vert nytta på fyllingsdammar, men som likevel er små nok til at det vert brot før maksimal vassføring. Det er og ønskeleg at plastringstein tilfredsstillir krav til forhold mellom minste og største stein i plastringa frå (NVE, 2012). Med utgangspunkt i tidlegare erfaringar er det ønska gjennomsnittleg diameter rundt 380 mm, og Tabell III-1 gjev maksimum og minimumsdimensjonar for akse a, b og c for å tilfredsstille dette.


Tabell III-1 Ønska dimensjon på stein i skråningsvernet

	a	b	C	$d = \sqrt[3]{abc}$
Minimum	350 mm	250 mm	250 mm	$\sqrt[3]{350 * 250 * 250} = 280 \text{ mm}$
Maksimum	550 mm	450 mm	450 mm	$\sqrt[3]{550 * 450 * 450} = 480 \text{ mm}$
(NVE, 2012)				$d_{\text{maks}}/d_{\text{min}} = 1,7$

På forsøksområdet ligg det mykje stein som er nytta ved tidlegare forsøk, og det er ønskeleg å nytte desse. Stein vart målte med tommestokk og om lag 200 stein som tilfredsstilte krava i Tabell III-1 vart merka som stein til skråningsvernet med spraymaling. Det vart henta ca 40 stein frå ei anna fylling for å sikre stor nok mengde stein.

Nokre stein vart tekne med frå felt til laboratoriet. For desse stein var eigenvekta 2750 kg/m<sup>3</sup> og kubiskheita 0.5. Steinane som er målte inn i laboratoriet er mindre enn dei som vart nytta til å bygge skråningsvern og det er usikkert om kubiskheita er representativ for steinane som vart nytta til å bygge skråningsvern.

Etter at dammane var ferdig bygde, vart det spraymalt eit rasternet som vist i Figur III-2. Alle stein langs linje b, c og d vart målte for å få eit tilfeldig, representativt utval av plastringa. Områda langs sidekantane, som dels er dekkja av linje a og e, er bygd med større stein, og er difor ikkje representativt for den delen av dammen som det er ønska å teste under forsøk.




Figur III-2 Raster på forsøksdammar i felt

Støttefyllinga er anteken å vere tilnærma lik for alle forsøka, og det er teke to linjeprøver av støttefyllinga under bygging av dam 2. For å ha eit tilfeldig utval, vart det trekt ein tråd i lengde 5 m og ein i lengde 3 m på to ulike stader i støttefyllinga. Alle stein under tråden vart målt inn med skyvelære eller tommestokk avhengig av kva som var mogleg.

### Utføring av plastring og plastringstettleik

Det er planlagt å kjøre fire forsøk fordelt på to veker. Kvar forsøk skal kjørast til brot, og det er difor nødvendig å bygge fire separate dammar. Eit forsøk skal vere med ein dam med rausa skråningsvern, med tilfeldig retning på lengste akse mot skråningshellinga. Dei tre andre forsøksdammane skal byggast med plastring, der steinane vert lagt i forband og med lengste akse 60° mot skråningshellinga. Alle dammane byggast med gravemaskin og det er Rickard Bjørnestøl som bygger alle dammane, med hjelpar på toppen der gravemaskina ikkje kjem så godt til.



Figur III-3 Raster nytta for å fastsetje plastringstettleiken på feltforsøksdam 2


Etter fullført plastring, skal det spraymalast på ein raster, der stein under nokre av linjene i rasteret vert målte opp for å finne gjennomsnittleg steinstorleik. Rasteret kan og nyttast for å finne plastringstettleiken. Figur III-3 syner korleis det spraymalte rasteret kan forsterkast i teikneprogram på PC for å få fram tydeleg kva stein som ligg under og mellom linjene i

rasteret. Stein som vert rørt av linja i venstre kant og under feltet vert tekne med, medan stein som vert rørt av linja i overkant av feltet og til høgre vert ikkje tekne med. Eit døme på dette er felt bc/OP der stein under linje b og P talde med, medan stein under linja C og O ikkje vert talde med. Merking av steinane i Figur III-3 syner kva stein som høyrer til kva felt. Resultat frå målte stein, måling av dammen og plastringstettleik er gjeve i Tabell III-2.

Tabell III-2 Bygde dammar i felt

	Dam 1	Dam 2	Dam 3	Støttefylling
Vinkel $\alpha$	19° ( $\sigma = 8.5^\circ$ )	22° ( $\sigma = 8.1^\circ$ )	8° ( $\sigma = 13.6^\circ$ )	-
Akse a [m]	0.55	0.50	0.54	0.15
Akse b [m]	0.35	0.35	0.35	0.10
Akse c [m]	0.24	0.24	0.21	0.07
$d_{\max}   d_{85}$ [m]	0.46   0.41	0.48   0.41	0.50   0.40	0.31   0.28
$d_{50}$ [m]	0.38	0.36	0.37	0.22
$d_{\min}   d_{15}$ [m]	0.22   0.31	0.19   0.29	0.24   0.27	0.02   0.12
$d_{85}/d_{15}$	1.35	1.40	1.47	2.25
$d_{\max}/d_{\min}$	2.13	2.46	2.04	17.44
$D_{85, ytre}/d_{15, indre}$	3.4	3.4	3.3	-
$D_{\max, ytre}/d_{\min, indre}$	23.0	24.0	25.0	-
Plastringstettleik	1.39 stein/ $d_{50}^2$	1.47 stein/ $d_{50}^2$	1.17 stein/ $d_{50}^2$	-

I Figur III-4 er forholdet mellom aksa a, b og c plotta i Zinggs diagram og den grønne boksen i figuren markerer området for ønska kornform. Av målte stein har 48 % ønska kornform.



Figur III-4 Zinggs diagram feltforsøk

### Måleinstrument

Tommestokk for å måle steinstorleik og avstand mellom rasterlinjer. Måling av mindre stein med skyvelær. Større avstandar vert målt med måleband.

Spraymaling for å merke stein og for å lage rasteret.

Laservinkelmålar av typen Leica DISTO™ X310 nytta under for å måle inn damhelling og vinkel  $\alpha$ .

Trykksensorar for å måle vasstrykk. Fire vert plasserte under dammen langs lengdeaksa og tre vert plasserte i stein med plassering ned skråningsvern. Stein med trykksensor vert merka med spraymaling for å lette arbeidet med å finne dei etter dambrot. I Figur III-5 er steinane med trykksensor i merka med sirkel. Handsaming av data frå trykksensorane er utføre formålet med denne oppgåva og vidare drøfting av desse er ikkje gjort. Rådata frå målingane er tilgjengelege i det elektroniske vedlegget.

Smartsensor som skal måle rørsle i stein. Smartsensor er ein prototype og skal sende data over trådløst nett, har lite lagringskapasitet og batterikapasitet og ligg difor i dvale fram til den vert aktivert av risting. Må haldast tørr. Sensor plasserast i den øvste steinen med trykksensor.

Topcon laserscanner vert nytta til å måle inn forsøksdam før og under forsøk. Samanlikning av laserscan gjev forskyving. Plassering av laserscanner under måling er merka med trekant i Figur III-5. Laserscanneren kan ikkje scanne gjennom vatn og forsøk må stoppast for å scanne. Laserscanneren må stå på stabilt underlag, og glaset må holdast reint og tørrt.



Forsøk vart filma med to videokamera sett opp på kvar side av dammen, merka med firkant i Figur III-5. Forsøk vart og filma av kameramann Svein Rune Erland Skilnand. Film frå S.R.E. Skilnand er teken frå nedstrøms vinkel rett mot dammen. Kompaktkamera vart nytta undervegs for å ta bilete.



*Figur III-5 Bilete frå feltforsøk 2.*

*Videokamera merka med firkant, laserscanner med trekant og merka stein med sensor er merka med sirkel.*

Trykkcelle av typen Global Water WL 16 plasserast i vatnet ved sida av tunellopninga, merka med pil i Figur III-6. Logger vasstand utan hastighetshøgde med 0.1 Hz.

To ultralydsensorar måler avstand ned til vassflata frå tunellopninga er merka med sirklar i Figur III-6. Sensorar er av merke Microsonic mic+340 og gjev vasstand med hastighetshøgde under forsøka med 10 Hz. Sensorane er avhengig av eit visst nivå på vasstanden for å kunne måle. Ved stille vatn vil microsonic gje same vasshøgde som WL16.

Acoustic Doppler Current Profiler, ADCP (StreamPro ADCP) måler vasshastigheit i profil under båten. Streampro er merka med trekant i Figur III-6. Ved å trekke StreamPro framføre tunellopninga kan målte hastigheiter summerast og gje vassføring. Båten er ikkje utforma med tanke på bruk på turbulent vatn og vil vere ueigna for dei høgaste vassføringane. Målingar frå StreamPro kan nyttast til å kvantifisere lukevassføring.

Anna utstyr: Klatretau og sikringssele som sikra person som styrer StreamPro. Telt til feltkontor for å halde sensitivt utstyr tørt. Aggregat for elektrisitet til måleutstyr, drill og PC. Diverse tau og karabinkrokar for montering av StreamPRO. Kavring til å kaste på dammen ved større vassføringar enn StreamPro takla. Godt utstyrt verktøykasse.



Figur III-6 Bilete frå feltforsøk 2.

WL16 merka med pil, Microsonic merka med sirkel og StreamPro merka med trekant.

### Kjøremønster

Vassføringa i forsøk styrast ved å opne eller lukke øvre tappeluke i overløpet til dam Svartevatn. Styremekanismen er plassert ved luka og kontakt mellom forsøksdammen og lukemannskapet må skje ved telefonkontakt. Det som vert stilt inn frå lukemannskapet, er lukeopning, og vassføringa er ein funksjon av lukeopninga og vasstanden i magasin Svartevatn under tapping. Dette gjer at det er praktisk vanskeleg å finjustere vassføringa under forsøka, og å bestemme vassføringa nøyaktig.


Gjennom forsøket er det ynskja å finne ut kor store forskyvingar som oppstår i plastringa når denne vert utsett for belastning. For å måle forskyving med hjelp av laser er det nødvendig med tørr dam, og forsøket må difor stansast lenge nok til at dette kan skje. Erfaring frå (Pettersen, 2015) og (Jakobsen, 2015) er at forskyvinga vert større etter større belastning. For å få målbar forskyving i plastringa er det difor ynskjeleg med ei stor belastning på dammen før stans i forsøket og måling av forskyving. For å kunne måle forskyving er det og viktig at dammen står der endå, og belastning før måling bør vere mindre enn anteken styrke til dammen. Med utgangspunkt i tidlegare feltforsøk og målt steinstorleik av plastringa er 20 m<sup>3</sup>/s anteke å vere ei trygg vassføring. 20 m<sup>3</sup>/s vil nås ved lukeopning 0.4 m.

For å kunne vurdere vassmengda som går gjennom dammen vert den belasta med ei låg vassføring som skal kjørast til stabil vasstraum. Ved lukeopning 0.1 m kjem det om lag 6 m<sup>3</sup>/s og denne lukeopninga skal holdast i 30 min for tid til målingar med StreamPro og visuell vurdering av gjennomstrømminga.

Til sist skal forsøksdammane belastast til dei ryk. Frå låg vassføring vert vassføringa auka til «trygg» vassføring 20 m<sup>3</sup>/s som vert heldt i 15 min for tilnærma stabil vasstand. Vidare skal luka opnas med 0.1 m, og denne vassføring holdast i 5 minutt før ny opning av luka med 0.1



m. Det tek ca 0.5 minutt å opne luke med 0.1 m, slik at vassføringa auker med om lag 4,5 m<sup>3</sup>/s kvart 5.5 minutt fram til brot. Figur III-7 syner planlagt belastning og oppsummering er i Tabell III-3.



Figur III-7 Planlagt kjøremønster i felt.

Tabell III-3 Planlagt kjøremønster i felt

Tid	Belastning, luke	Belastning
30 min + tida det tek før det er jamn vasstand	0,4 m opning	20 m <sup>3</sup> /s
Laserscane dam	0	0
30 min + tida det tek før det er jamn vasstand	0,1 m opning	6 m <sup>3</sup> /s
15 min	0,4 m opning	20 m <sup>3</sup> /s
5 min	0,5 m opning	24 m <sup>3</sup> /s
5 min	0,6 m opning	29 m <sup>3</sup> /s
5 min x nødvendig antall gonger til å få brot.	+ 0,1 m opning	+ 4,5 m <sup>3</sup> /s
For alle: tid nytta til å opne/stenge luke kjem i tillegg.		

### III. LABORATORIETEKNIKK

Forsøk i felt er dyrt, tek mykje tid og det er nødvendig med mange involverte for oversikt og kontroll på belastning og måleutstyr. For forsøk i laboratoriet er det tilstrekkeleg med to personar under forsøk og ein person til å bygge forsøksdam. Det er såleis ønskeleg å halde mengda feltforsøk på eit minimum og heller gjere fleire modellforsøk.

I ein modell er det ynskjeleg at dei fleste tilhøve er like som dei er i prototypen. Grunnlaget er geometrisk likskap, at forholdet mellom lengder og storleiker er det same i felt og modell. Vidare må det vere kinematisk likskap, at det er tilsvarande rørsler mellom vasspartiklar i felt og modell, som tyder at hastigheita må skalerast. Til slutt er det ønskjeleg å ha dynamisk likskap, slik at forholdet mellom alle vektorielle krefter i to geometrisk og kinematisk like system er like. Dette vil seie at tregheit, gravitasjon, viskositet, overflatespenning samt atmosfærisk trykk må skalerast med same skala. Det er ikkje mogleg å skalere alle desse faktorane på ei gang gjeve same flytande væske i laboratoriet og i felt. Ved å berre skalere dei to mest dominerande kreftene og ignorere resten, er det mogleg å få ei grei tilnærming. Skalering til laboratorieforsøk med vatn, frå feltforsøk med vatn, vil difor ikkje vere perfekt skalering, og det er mogleg at skalaeffektar er til stades.

Tregheitskrafta, impulskrafta er alltid gjeldande. Ved overtopping av ein fyllingsdam med fri overflate og turbulent vasstraum, vil drivande kraft vere gravitasjonen. Froudes modellov gjev forholdet mellom tregheit og gravitasjon, dette er sett opp i Formel (III-1). Vidare er det nytta eit steinbasert Froudetal, Formel (III-2) som vart utgreidd i (Pettersen, 2015) og (Vartdal, 2004). Det steinbaserte Froudetalet er eit uttrykk for kor stabil ein stein er mot erosjon og lengda  $L$  er gjennomsnittleg diameter til stein.

$$\frac{\text{Tregheit}}{\text{Gravitasjon}} = \frac{\text{masse} \times \text{akselerasjon}}{\text{masse} \times \text{gravitasjon}} = \frac{\rho L^2 v^2}{\rho L^3 g} = \frac{v^2}{Lg} = Fr^2 \quad \text{Formel (III-1)}$$

$$Fr, \text{steinbasert} = \frac{v}{\sqrt{gL}} \times \left(\frac{L}{y}\right)^{-\frac{3}{2}} = \frac{q}{\sqrt{L^3 g}} \quad \text{Formel (III-2)}$$

Når det steinbaserte Froudetalet er det same i felt og i laboratoriet er forsøket skalert etter Froudes modellov. Dette er uttrykt i Formel (III-3).

$$Fr, \text{steinbasert}_{\text{felt}} = \frac{q_{\text{felt}}}{\sqrt{d_{\text{felt}}^3 g}} = Fr, \text{steinbasert}_{\text{lab}} = \frac{q_{\text{lab}}}{\sqrt{d_{\text{lab}}^3 g}} \quad \text{Formel (III-3)}$$

For å kunne skalere frå feltforsøk til laboratorieforsøk er det dermed nødvendig å kjenne einingsvassføringa  $q$  i felt og i laboratoriet, og diameteren i laboratoriet og i felt. Under feltforsøk var gjennomsnittleg diameter  $d_{50} = 0.368$  m, og maksimal nødvendig vassføring for å få brot var  $q = 8$  m<sup>2</sup>/s, som gav steinbasert Froudetal = 11.5. I laboratoriet vert det nytta stein med  $d_{50} = 0.057$  m, og maksimal vassføring er 0.5 m<sup>2</sup>/s som gjev steinbasert Froudetal = 11.7. Det vil seie at tilgjengeleg vassføring i laboratoriet er tilsvarande brotvassføring for eit av feltforsøka. Dersom modelldammane toler meir enn feltdammane kan det vere utfordrande å få brot i laboratoriet.

Frå det steinbaserte Froudetalet kan geometrisk lengde, areal og volum skalerast, i tillegg til hastigheit, tid og vassføring. Tabell III-4 syner korleis dei ulike einingane vert skalert, og kva skaleringsfaktor som vert nytta. Skalering av belastning til modellforsøka er gjeve i Tabell III-5.

Tabell III-4 Skaleringsfaktor


Parameter	Utgreiing	Faktor
Lengd, diameter	$L_r = \frac{L_{lab}}{L_{felt}}, d_r = \frac{d_{lab}}{d_{felt}}$	$L_r = d_r = 1/6.5$
Areal, volum	$A_r = L_r^2, V_r = L_r^3$	$L_r^2 = 1/41.7, L_r^3 = 1/269.1$
Vassføring $q_r$	$F_r = \frac{q_{felt}}{d_{felt}^{3/2}} = \frac{q_{lab}}{d_{lab}^{3/2}}, q_{lab} = q_{felt} d_r^{1.5}$	$L_r^{1.5} = 1/16.4$
Hastighet $V_r$	$V_r = \frac{q_r}{d_r} = \frac{L_r^{1.5}}{L_r} = L_r^{0.5}$	$L_r^{0.5} = 1/2.5$
Tid $T_r$	$T_r = \frac{d_r^2}{q_r} = \frac{L_r^2}{L_r^{1.5}} = L_r^{0.5}$	$L_r^{0.5} = 1/2.5$

Tabell III-5 Skalering av belastning frå felt til modellforsøk

Feltforsøk			Modellforsøk	
Tid	Belastning	Belastning	Tid	Belastning
2 min	+ 0.4 m		47 s	
30 min jamn vasstand (50 min totalt)	0,4 m	20 m <sup>3</sup> /s	11 min 50 s (19 min)	101 l/s
2 min	Lukke		47 s	
Laserscanne dam	0	0	-	
0.5 min	+ 0.1 m		12 s	
30 min jamn vasstand (40 min totalt)	0,1 m	6 m <sup>3</sup> /s	11 min 50 s (16 min)	29 l/s
1.35 min	+ 0.3 m		32 s	
15 min	0,4 m	20 m <sup>3</sup> /s	5 min 54 s	101 l/s
0.5 min	+ 0.1 m		12 s	
5 min	0,5 m	24 m <sup>3</sup> /s	1 min 58 s	123 l/s
0.5 min	+ 0.1 m		12 s	
5 min	0,6 m	29 m <sup>3</sup> /s	1 min 58 s	146 l/s
0.5 min	+ 0.1 m		12 s	
5 min x nødvendig antall gonger til å få brot.	+ 0,1 m	+ 4,5 m <sup>3</sup> /s	1 min 58 s	+ 23.5 l/s (q > 300 l/s: + 25 l/s)

## IV. MODELLFORSØK I LABORATORIET VED NTNU

### Stad/oppsett



Figur III-8 Prinsippskisse modellforsøk

Ved laboratoriet ved NTNU er det montert ei rist med helling 1:1.5 i D-renna med breidd 1 m. Oppsett av rist for modellforsøk er synt i Figur III-8. Rista er tidlegare nytta til forsøk med plastring av fyllingsdammar dokumentert av (Pettersen, 2015) og (Jakobsen, 2015). Forsøka ved (Pettersen, 2015) og (Jakobsen, 2015) har fått nummer 1-6. Forsøk 7 vart gjennomført med ulike operatørar og variabel loggføring sommaren 2015. Forsøk som inngår i denne oppgåva starter med forsøk 8. For forsøk 1-7 var maksimal vassføring  $q = 0.4 \text{ m}^2/\text{s} = Q = 400 \text{ l/s}$ . For å modellere feltforsøk 2 er det nødvendig med større vassføring. Ved å ta ut plastrøyr frå renna oppstrøms modellen vart den vassførande kapasiteten til renna auka til 500 l/s. Pumpekamasiteten til renna er 600 l/s, men ved vassføring høgare enn 500 l/s vert vasstanden så høg at vatn renn ut av renna. Ved botn av hellinga er det merka av eit referansepunkt med vassfast tussj og i tillegg er eit fastpunkt festa til rista rett nedstrøms nedre steinrekke som synt i Figur III-8. For forsøk 8 var fastpunktet ei skrue festa med ståltråd som gav store avvik under måling. For forsøk 9-11 vart fastpunktet endra til ein vinkel som vart festa med to skruer med plate og mutter.


### Steinstorleik

Det vert nytta dei same plastrings- og støttefyllingsstein som i forsøk 1-7. Støttefyllinga er einsgradert og sikting dokumenter av (Jakobsen, 2015) synte at 88 masse-% av stein var mellom 16 og 31.5 mm, medan 11 masse-% var mellom 31.5 mm og 63 mm. Eit anslag på  $d_{50} = 25 \text{ mm}$  kan nyttast.  $d_{88}/d_{1} = 31.5/16 = 1.97$ .

Det er om lag 1000 plastringsstein totalt. Frå (Pettersen, 2015) er det rapportert mål og vekt på 500 stein samt volum for 50 av desse. Plastringsstein er målt å ha  $d_{50} = 57 \text{ mm}$  og  $\rho =$

2709 kg/m<sup>3</sup>. Dei målte plastringsteinane er plotta i Zinggs diagram i Figur III-9. 78 % av målte stein har ønska kornform.


For forsøk 9-12 er det nytta større stein i oppstrøms ende av krona for å betre modellere feltforsøka. Desse kronevernsteinane har massetettleik 3000 kg/m<sup>3</sup> og har gjennomsnittleg diameter rundt 70 mm.




Figur III-9 Zinggs diagram modellforsøk

### Utføring av plastring og plastringstettleik til dam


Støttefyllinga skal leggjast i eit 0.1 m lag på rista med spade og jamnast ut med rive. Skråningsvern utført som plastring vert bygd oppover med hand i forband og  $\alpha = 60^\circ$ . Plastring vert lagt med lik vinkel mot horisontalen på damkrona. Bygging av skråningsvern utført som rausa skråning vert gjort ved å sleppe stein i eit lag på støttefyllinga til heile støttefyllinga er dekkja. For modellforsøk 9-12 vert det nytta kronestein på halvdelen av krona lengst oppstrøms. Kronestein plasserast slik at dei dekker støttefyllinga utan forband. Vinkelen  $\alpha$  er målt for fire stein plasserte mot vindaugget som synt i Figur III-10 - Figur III-14.



Figur III-10 Modellforsøk 8,  $\alpha$




Figur III-11 Modellforsøk 9,  $\alpha$



Figur III-12 Modellforsøk 10,  $\alpha$



Figur III-13 Modellforsøk 11,  $\alpha$




Figur III-14 Modellforsøk 12,  $\alpha$

For å bestemme plastringstettleiken er mengda stein fastsett som synt i Figur III-15. Breidda på forsøksrenna er 1 m og dei parallelle koparstripene ved vindauga og vegg har 0.4 m mellomrom langs damhellinga. Arealet det er fastsett mengde stein for er 0.4 m<sup>2</sup> og det vert rekna om for å fastsetje mengde stein per d<sub>50</sub><sup>2</sup>. Teikneprogrammet Paint er nytta for å dele



området inn i mindre felt for enklare fastsetjing av mengda stein som synt i Figur III-15. Stein som vert rørt av linje a er ikkje tald med, medan stein som vert rørt av linje c er tald med.



Figur III-15 Område for å fastsetje plastringstettleiken for modelldam 11

For modellforsøk 8 var damlengda skalert frå feltdamhøgde 3.5 m, medan modellforsøk 9-11 var skalerte frå meir nøyaktig feltdamhøgde 3 m. Modellforsøk 12 vart bygd med full lengde på rista. Etter at verken modelldam 8 eller 9 gjekk til brot ved belastning skalert frå felt vart byggemåte diskutert og det kom fram at under bygging var stein plassert på ein mest mogleg ideell måte. Det vart gjort fleire forsøk per stein for å legge stein med best mogleg forband i tillegg til at vinkelen  $\alpha$  var brattare enn dei planlagde  $60^\circ$ . For å betre tilnærma bygging av modelldammar til bygging av feltdammar vart det innført ein regel om eit forsøk per stein og kort tid for å velje plassering og orientering av stein. Ekstra merksemd vert lagt inn for å sikre rett helling på stein. Totalt vart det bygd fem modelldammar som det er gjeve oversikt over i Tabell III-6.

Tabell III-6 Modelldammar

Nr	Bygd av	Byggemåte	Lengde helling	Vinkel $\alpha$	Plastringstettleik
8	FK	Plastring	L = 0.98 m	$\approx 80^\circ$	2.07 stein/ $d_{50}^2$
9	FK	Plastring	L = 0.83 m	$\approx 80^\circ$	1.99 stein/ $d_{50}^2$
10	PHH	Rausing	L = 0.83 m	-	1.20 stein/ $d_{50}^2$
11	FK	Plastring	L = 0.83 m	$\approx 60^\circ$	1.80 stein/ $d_{50}^2$
12	PHH	Plastring	L = 1.81 m	$\approx 60^\circ$	1.72 stein/ $d_{50}^2$

### Måleinstrument nytta i laboratoriet

Tomrestokk for å plassere nedstrøms rist.

Ultralydsensor av same typen som vart nytta under feltforsøka. Plassert oppstrøms forsøksdammen som synt i Figur III-8.

Koparstriper er plasserte parallelt langs vindaug og vegg med 0.4 m mellomrom. Det er sett på spenning og dei måler den elektriske konduktiviteten til vatnet. Ved å sleppe saltløysing i vatnet vert den elektriske konduktiviteten endra. Ved å registrere tidspunkt for spenningsendring kan tida saltløysinga bruker mellom koparstripene bestemast. Vasshastigheita kan reknast ved avstand/tid.

Vassføring vert målt med Siemens Sitrans Mag 5000, ved plassering av styrehjul frå vassføring.

Logg av vasstand, vassføring og spenning frå hastigheitsmålingar gjerast med Agilent. Under hastigheitsmåling er det nødvendig med 100 Hz, elles er 10 Hz tilstrekkeleg.

Trykksensorar kan nyttast for å måle vasstrykket langs damhellinga. Festast i rista under støttefyllinga. Trykksensorar er bygd inn for modellforsøk 9-12. Handsaming av data frå trykksensorane er utføre formålet med denne oppgåva og vidare drøfting er ikkje gjort. Rådata frå målingane er tilgjengelege i det elektroniske vedlegget.

Rigg av typen Isel Traverse er montert på toppen av forsøksrenna og denne vert styrt med ProNC-programvare. Rikken kan kjørast i retning  $x'$ ,  $y'$  og  $z'$  og nøyaktig posisjon kan lesast av med programvaren.

Laservinkelmålar frå felt er festa på riggen og kan styrast over merka punkt på stein. Ved å lese av posisjon  $x'$  og  $y'$  med ProNC og  $z'$  frå laservinkelmålar kan posisjonen til merka punkt bestemast. For plassering av punkt i høgrehandssystemet X, Y og Z som vist i Figur III-8 må målte forskyvingar roterast og transformerast. Det roterte og transformerte systemet har origo ved veggen i knekkpunktet mellom krone og dam, og X-asken går langs damhellinga.

Ein laserscanner måler inn ei ca 15cm stripe av skråningsvernet midt på dammen. Laserscanneren er plassert på riggen og vert styrt med eit program i ProNC. Hastigheita er låg og av tidsårsaker vert berre ei stripe langs lengdeaksa til dammen scanna inn.

### Kjøremønster i modellforsøk

Forsøk skal kjørast med belastning skalert frå feltforsøk. Kjøremønsteret er gjeve i Tabell III-5. Maksimal vassføring i oppsettet i D-renna er 500 l/s og dersom det ikkje vert brot før denne vassføringa kan forsøk kjørast vidare med liknande oppsett som forsøk 1-6, med 60 min for kvar vassføring. Vidare kan det vere aktuelt å plukke ut stein med handmakt for å finne ut kor stor glipe som er nødvendig for å få brot.





## IV. Resultat

### I. OPPSETT OG MÅLINGAR

Planar vert endra etter kvart som ting ikkje går etter planen eller det vert gjort nye oppdagingar undervegs som gjev ei ny retning til vidare forsøk. I dette delkapittelet er det rapportert korleis forsøksdammar vart bygde og belasta gjennom forsøka. Noko av det som vart oppdaga etter kvart, er at ting tek tid, nokre gonger mykje lengre tid enn planlagt.

#### Byggemåte og type

Under feltforsøksperioden gjekk den første dagen med til å rydde opp etter tidlegare forsøk og tre dagar å bygge forsøksdam med plastra skråningsvern. Forsøk 1 vart difor gjennomført på dag 5 og forsøk to på dag 9, medan forsøk 3 vart gjennomført på dag 14, utan forfattaren av denne oppgåva. Det vil seie at det vart tre forsøk på tre veker heller enn fire forsøk på to veker, trass i sær lange arbeidsdagar for utførande plastrar. For feltforsøka var det totalt sju personar som var involvert under sjølve forsøka, slik at det var nødvendig å planlegge i forkant, og dammar og målingar i forkant måtte vere ferdige før forsøk starta.


Under gjennomføring av modellforsøk, viste det seg at plastra forsøk som var skalerte etter feltforsøka ikkje gjekk til bort ved tilgjengeleg skalert vassføring. For forsøk 8 vart det nytta 6 dagar med forsøkskjøring før det vart brot, heller enn dei tre timane det hadde teke om dammen hadde gått til brot tilsvarande feltforsøksdammane. Under modellforsøka var det litt betre fleksibilitet, sidan det berre var nødvendig med to personar i laboratoriet for å kjøre forsøk.

Nokre viktige parametrar for forsøksdammane kva gjeld byggemåte og plastringstettleik er gjeve i Tabell IV-1. For feltdammane er  $\alpha$  målt for stein som ligg under linje b, c og d i rasteret, medan for modelldammane er det gjort ei visuell vurdering som skildra i metoden.

Tabell IV-1 Byggemåte

	Byggemåte	$\alpha$	Plastringstettleik
Feltforsøk 1	Plastring, RB	$52^{\circ 1}$	1.39 stein/ $d_{50}^2$
Feltforsøk 2	Plastring, RB	$55^{\circ 1}$	1.47 stein/ $d_{50}^2$
Feltforsøk 3	Rausa, RB	$8^{\circ 1, 3}$	1.17 stein/ $d_{50}^2$
Modellforsøk 8	Plastring, FK	$\approx 80^{\circ 2}$	2.07 stein/ $d_{50}^2$
Modellforsøk 9	Plastring, FK	$\approx 80^{\circ 2}$	1.99 stein/ $d_{50}^2$
Modellforsøk 10	Rausa, PHH	- $2, 3$	1.20 stein/ $d_{50}^2$
Modellforsøk 11	Plastring, FK	$\approx 60^{\circ 2}$	1.80 stein/ $d_{50}^2$

Modellforsøk 12	Plastring, PHH	$\approx 60^\circ$ <sup>2</sup>	1.72 stein/d <sub>50</sub> <sup>2</sup>
<p>RB er Richard Bjørnestøl, PHH er Priska Helene Hiller, FK er Fredrikke Kjosavik.</p> <p><sup>1</sup> For feltforsøka var vinkel til lengste akse målt inn med Leica på eit utval stein som låg under linje b, c eller d.</p> <p><sup>2</sup> For modellforsøk er det vurdert vinkel for steinrekka nærast vindauget frå bilete.</p> <p><sup>3</sup> Rausa skråningsvern har stor variasjon i vinkel, frå 0-180°</p>			



Figur IV-1 Plastringstettleik forsøksdammar


### Hastigheitsmåling

For å bestemme passeringstid for saltløysinga er den målte elektriske konduktiviteten behandla i MATLAB, programkoden er i Vedlegg J. Resultat er gjeve i Tabell IV-2. For å bestemme V<sub>peak</sub> er tid for maksimal elektrisk konduktivitet bestemt direkte frå rådata, medan for å bestemme V<sub>int</sub> er tid for maksimal elektrisk konduktivitet bestemt etter glatting av rådata. Høgda til vatnet over skråningsvernet er bestemt frå bileta i Figur IV-3 - Figur IV-7.

Tabell IV-2 Hastigheitsmåling

q	Modellforsøk8		Modellforsøk9		Modellforsøk11		H vatn	V = q/H
	V <sub>peak</sub>	V <sub>int</sub>	V <sub>peak</sub>	V <sub>int</sub>	V <sub>peak</sub>	V <sub>int</sub>		
29	0.4444	0.4255	0.2721	0.3361	0.6557	0.4651	0.01	2.9
100	0.5479	0.9091	2.1053	1.3793	5.0000	1.2500	0.05	2
200	2.5000	1.5385	0.9091	1.4815	2.0000	1.9048	0.08	2.5
300	0.0769	1.8182	2.6667	2.1053			0.12	2.5
400	2.8571	4.4444	1.7391	2.6667			0.15	2.7
450			1.8182	3.3333	3.0769	3.3333	0.17	2.6

Vasshøgda ved ulik vasstand under modellforsøk 9 kan lesast av med hjelp av dei svarte rutene plassert på koparstaven midt på hellinga. Dei svarte rutene er om lag 0.1 mm og startar 0.02 m over plastringa.



Figur IV-2  $q = 29$  l/s



Figur IV-3 Modellforsøk 9,  $q = 100$  l/s



Figur IV-4 Modellforsøk 9,  $q = 200$  l/s



Figur IV-5 Modellforsøk 9,  $q = 300$  l/s



Figur IV-6 Modellforsøk 9,  $q = 400$  l/s




Figur IV-7 Modellforsøk 9,  $q = 450$  l/s


## Forsøksbelastning

Forsøka vart kjørte etter planlagt oppsett. Vasstanden vart logga med og utan hastighetshøgde med Microsonic og WL 16. Ved vasstand lågare enn 0.67 m frå WL16 gav Microsonic 0 og for å korrigere dette i figurane er det lagt til 0.67 m i målinga frå Microsonic. Måleing frå Microsonic som syner 0.67 m tyder difor på at vasstanden var utføre rekkjevidda til måleinstrumentet. Rådata frå Microsonic er glatta slik både Microsonic og WL16 er gjeve med 0.1 Hz. Det er vald å berre ta med resultat frå Microsonic 1 ettersom Microsonic 2 gav identiske resultat. StreamPro gjev vassføring målt framføre tunnelopninga.


For feltforsøka er resultat av målingar gjeve i Figur IV-8 - Figur IV-10. I Figur IV-8 kjem det fram at vassføringa var konstant ein lengre periode ved om lag 55 m<sup>3</sup>/s under forsøk 1, dette skjedde etter at første stein gjekk og opning av luka vart ikkje gjort som planlagt ein periode. I byrjinga av forsøk 3 vart vassføringa kjørt ganske raskt opp for å fylle tunnelen, og det gav svinging i vasstanden som kan sjåast på Figur IV-10.



Figur IV-8 Feltforsøk 1



Figur IV-9 Feltforsøk 2




Figur IV-10 Feltforsøk 3



Modellforsøk vart kjørt med skalert belastningsmønster frå felt. Vassføring og vasstand følgjer same mønster som for feltforsøka men tal og einingar på aksane er ulike.

Modellforsøk 8 vart kjørt med belastningsmønster som synt i Figur IV-11 og vidare med belastning og etter kvart manuell fjerning av stein som gjeve i Tabell IV-3. Modellforsøk 8 tolte stor belastning over tid, og endeleg brot hende etter at meir enn 80 stein var teken ut av plastringa.




Figur IV-11 Modellforsøk 8, første del av forsøk som var skalert frå felt

Tabell IV-3 Total belastning modellforsøk 8

Belastning	Vassplukka stein	Handplukka stein i etterkant
29-490 l/s, Figur IV-11	+ 3	
60 min x 100 l/s	3	
60 min x 200 l/s	3	
60 min x 250 l/s	3	
60 min x 300 l/s	3	
60 min x 350 l/s	3	
60 min x 400 l/s	3 + 1	
60 min x 450 l/s	4 + 5	
60 min x 400 l/s	9	5
60 min x 400 l/s	9	5 + 8
60 min x 400 l/s	9	13 + 5

60 min x 400 l/s	9	18 + 8
30 min x 400 l/s	9 + 8	26 + 19
30 min x 400 l/s	17 + 3	45 + 12
400 l/s til brot	20 + plukking av stein til brot	57

Modellforsøk 9 vart som modellforsøk 8 først belasta med skalert belastning frå felt som vist i Figur IV-12 og sidan langtidslaster som skildra i Tabell IV-4. Under modellforsøk 9 vart det fjerna stein med handmakt etter lågare belastning enn under modellforsøk 8.




Figur IV-12 Modellforsøk 9, forsøksbelastning skalert frå felt

Tabell IV-4 Total belastning modellforsøk 9

Belastning	Vassplukka stein	Handplukka stein i etterkant
29-490 l/s, Figur IV-12	+1	
60 min x 200 l/s	1	
60 min x 300 l/s	1	
60 min x 400 l/s	1 + 1	
30 min x 450 l/s	2	22
30 min x 400 l/s	2+1	22+7
400 l/s til brot	3+ plukking av stein til brot	29


Modellforsøk 10 vart belasta med skalert belastning frå feltforsøk 3 som og var bygd med skråningsvern utført som rausa skråning. Belastninga modellforsøk 10 vart utsett for er synt i Figur IV-13. Belastninga vart ikkje slått av umiddelbart etter brot, men ved å studere vasstandslinja kan det registrerast at brot hende kort tid etter eller under oppkjøring til 50 l/s.






Figur IV-13 Modellforsøk 10, belastning

Belastning skalert frå felt for modellforsøk 11 er gjeve i Figur IV-14 medan total belastning er gjeve i Tabell IV-5. Første gongen det vart fjerna stein med handmakt vart det brot for modellforsøk 11. I Figur IV-15 ser det ut til at brot hende ved vassføring 300 l/s då det vart eit dropp i vasstanden, men auke i vassføring var rask i tida rundt brotet og nøyaktig vassføring over skråningsvernet ved brottidspunktet er vanskeleg å bestemme.



Figur IV-14 Modellforsøk 11, belastning skalert frå feltforsøk




Figur IV-15 Modellforsøk 11, siste belastningsperiode

Tabell IV-5 Total belastning modellforsøk 11

Belastning	Vassplukka stein	Handplukka stein i etterkant
29-490 l/s, Figur IV-14	4	
60 min x 200 l/s	4	
60 min x 300 l/s	4+1	
60 min x 400 l/s	5+1	
30 min x 450 l/s	5	25 + 29
Figur IV-15		

Modellforsøk 12 skulle belastast med vassføring skalert frå feltforsøk, tilsvarande modellforsøk 8, 9 og 11. Etter oppkjøring til 101 l/s vart det observert store endringar i plastringa og vassføringa vart skrudd raskt ned igjen. Plastringa vart laserscanna og

forskyvingar vart målt inn før ny belastning av dammen fram til brot, dette er synt i Figur IV-16. Det vart ikkje registrert vasstand med microsonic-sensoren under modellforsøk 12.



Figur IV-16 Modellforsøk 12, belastning. Vasstand er ikkje registrert.

## II. FØRSTE STEIN, BROT, STEINBASERT FROUDETAL.

Vassføring og steinbasert Froudetal for når første stein gjekk, samt brot er gjeve i Tabell IV-6  
Brotvassføringar

Tabell IV-6 Brotvassføringar

	Første stein		Brot	
	q [m <sup>2</sup> /s]	Fr <sub>steinbasert</sub>	q [m <sup>2</sup> /s]	Fr <sub>steinbasert</sub>
Feltforsøk 1	4.6	6.0	5.8 <sup>1</sup>	8.3
Feltforsøk 2	6.3	9.0	7.8	11.3
Feltforsøk 3	-		0.5 <sup>1</sup>	0.7
Modellforsøk 8	< 0.49 <sup>2</sup>	< 11.7	>> 0.49 <sup>3</sup>	> 11.7
Modellforsøk 9	0.36 <sup>4</sup>	8.5	>> 0.49 <sup>3</sup>	> 11.7
Modellforsøk 10	-		0.03 <sup>1</sup>	0.7
Modellforsøk 11	0.39 <sup>5</sup>	9.15	> 0.49 <sup>3</sup>	> 11.7
Modellforsøk 12	- <sup>6</sup>		0.10	2.4

<sup>1</sup> Brot hende under auke i vassføring. Det er vald å nytte siste sikre vassføring.

<sup>2</sup> Tidspunkt er ikkje registrert i loggen og er ikkje mogleg å bestemme frå videooptak.

<sup>3</sup> For modellforsøk 8, 9 og 11 kom brot først etter lang tids kjøring ved ulike vasstandar, og manuell fjerning av fleire stein.

<sup>4</sup> Tidspunkt funne i loggen men er ikkje mogleg å bestemme frå videoopptak


<sup>5</sup> I logg står det at stor kronestein og plastringsstein går, medan videoopptak syner stor kronestein, kan verken bekrefte eller avkrefte plastringsstein

<sup>6</sup> Første plastringsstein gjekk ved rundt  $0.08 \text{ m}^2/\text{s}$ , på veg ned frå  $0.10 \text{ m}^2/\text{s}$ .

### III. FORSKYVINGAR

#### Lasermålte forskyvingar under feltforsøk

For måle forskyving i felt vart forsøksdammane scanna med Topcon Laser før og under forsøk. Ved å samanlikne laserscanning gjort før og under forsøk vil forskyvingar visast. Samanlikning for feltforsøk 1 er gjort av Jochen Bastian Dost og er gjeve i Figur IV-17. Ved samanlikninga er feilen frå programvaren gjeven som  $< 0.01 \text{ m}$ . Ulikheita mellom før og under forsøka er mindre enn feilen i samanlikninga, og på Figur IV-17 kan det sjå ut til å vere størst endring der det er fast fjell.



Figur IV-17 Feltforsøk 1, laserscanmålte forskyvingar, akse for endring til høgre








Samanlikning av laserscanning gjort før og under feltforsøk 2 gav tilsvarande resultat som for feltforsøk 1. Dette tyder at forskyvingane som oppstod under feltforsøk 2 var mindre enn måleusikkerheita. Samanlikning gjort av JBD tilsvarande Figur IV-17 for feltforsøk 2 har dessverre forsvunne eller vart aldri lagra.

## Lasermålte forskyvingar under modellforsøk

For dei plastra modellforsøka vart det scanna ei stripe med stein midt på dammen før og undervegs forsøk. Det ligg utføre denne oppgåva å gje ei fullstendig avklaring og samanlikning av desse scanningane, mellom anna av di dei gjev store mengder data som må tolkast i matlab. For å lage ei visuell framstilling av laserscan er det nytta Matlab og skriptet er gjeve i vedlegg J. Figuren som kjem ut av matlab gjev ulike fargar syner kor stein er plassert relativt til laserscanneren. Laserscanneren har fast avstand til rista under skråningsvernet og fargen på figurane er avhengig av høgda til stein. Gule område ligg høgare enn blå område medan kvite område er utføre rekkevidda til laseren. X-koordinaten gjev plassering langs damaksen, -600 er lengst oppstrøms, 0 er knekkpunktet i krona medan positive verdiar er nedover damhellinga.

Utvalde 3D-figurar frå laserscanning gjort under modellforsøk 8 er vist i Tabell IV-7.

Tabell IV-7 Modellforsøk 8, laserscanning

Belastning	3D-figur, skala :  100 50
Før	<b>151022_1317_scanfullbox</b> 
17 min x 101 l/s	<b>151022_1357_scan</b> 
Til 490 l/s, Figur IV-11 3 stein gått	<b>151022_1550_scanafter490ls</b> 
60 min x 100, 200, 250, 300, 350, 400, 450 l/s 9 stein gått	<b>151028_1600_scan</b> 
4 x 60 min x 400 l/s	<b>151030_1032_scan</b> 
Stein er handplukka rundt knekkpunktet	<b>151030_1101_scan</b> 

30 min x 400 l/s	<p style="text-align: center;"><b>151030_1157_scan</b></p> <p style="text-align: center;">x-coordnate [mm]</p>
30 min x 400 l/s	<p style="text-align: center;"><b>151030_1330_scan</b></p> <p style="text-align: center;">x-coordnate [mm]</p>

3D-figurar frå laserscanning gjort under modellforsøk 9 er gjevne i Tabell IV-8.

*Tabell IV-8 Modellforsøk 9, laserscanning*

Belastning	3D-figur, skala:  100 50
Før	<p style="text-align: center;"><b>151109_1412_scan</b></p> <p style="text-align: center;">x-coordnate [mm]</p>
17 min x 101 l/s	<p style="text-align: center;"><b>151109_1453_scan</b></p> <p style="text-align: center;">x-coordnate [mm]</p>
Til 490 l/s	<p style="text-align: center;"><b>151109_1630_scan</b></p> <p style="text-align: center;">x-coordnate [mm]</p>
60 min x 200, 300, 400 l/s	<p style="text-align: center;"><b>151110_1318_scan</b></p> <p style="text-align: center;">x-coordnate [mm]</p>


For modellforsøk 10 er det ikkje gjort laserscanning etter belastning, ettersom forsøket gjekk til brot ved første belastning.

3D-figurar frå laserscanning gjort under modellforsøk 11 er gjeve i Tabell IV-9.

*Tabell IV-9 Modellforsøk 11, laserscanning*


Belastning	3D-figur, skala:  100 50
------------	-----------------------------





Laserscanna figur frå før belastning av modellforsøk 12 og etter kort belastning til/frå 100 l/s er synt i Tabell IV-10. Tydeleg endring rundt knekkpunktet.

Tabell IV-10 Modellforsøk 12, laserscanning



### Forskyvingar målt med travers under modellforsøk

Under modellforsøk vart det målt forskyvingar på merka stein med travers mellom belastning. Forskyvingane vart målte i horisontal og vertikalplanet men er roterte og transformerte som skildra i metoddelen før dei er gjevne her. Gjevne forskyvingar er i mm og er merka med plassering av stein langs x-aksen før belastning. For alle forsøka er det målt inn eit referansepunkt ved  $x = 2175$  og eit fastpunkt på botn av rista som held plastring og støttefylling på plass. Fastpunktet på botn av rista vart endra etter modellforsøk 8 grunna store avvik og eit nytt fastpunkt vart festa inn for forsøk 9, 10 11 og 12.

Under modellforsøk 8 auka forskyvingane med belastning og mengda stein som forsvann frå plastringa. Bilete som syner kvar stein forsvann frå er gjevne i Figur IV-18, Figur IV-19, Figur IV-20 og Figur IV-21. Nokre målte forskyvingar under modellforsøk 8 er gjevne i Tabell IV-11,

saman med informasjon om kor mange stein som var borte frå plastringa då forskyvinga vart målt inn.



*Figur IV-18 Modellforsøk 8 etter forsøk kjørt til 490 l/s.*

*Plassering av forsvunne plastringsstein synt med sirkel*



*Figur IV-19 Modellforsøk 8 før start handplukking av stein.*

*Forsvunne stein etter førre bilete er markerte med trekant.*



*Figur IV-20 Modellforsøk 8, fem stein fjerna med handmakt markert med rombe.*



*Figur IV-21 Modellforsøk 8, siste bilete teke før brot.*

*Totalt 77 stein er forsvunne frå plastringa, område med manglande stein er merka.*



Tabell IV-11 Modellforsøk 8, forskyvingar [mm].

Referansepunkt ved  $x = 2175$ , fastpunkt ved  $x = 998$ .

	Måling etter 17 min med 101 l/s			Måling etter forsøk kjørt til 490 l/s 3 plastringsstein forsvunne under kjøring		
	X	Y	Z	X	Y	Z
2175	1	1	0	1	-1	0
998	-3	0	3	-1	0	3
911	-1	0	1	1	0	3
621	0	0	0	4	0	1
257	1	-1	0	6	0	2
-4	0	0	1	6	-1	7
-202	0	0	1	4	1	-1
	Måling etter 60 min x 100l/s, 200l/s, 250l/s, 300l/s, 350l/s, 400l/s, 450l/s. 1 plastringsstein forsvunne ved 400 l/s 5 plastringsstein forsvunne ved 450 l/s			Måling etter 60 min x 400 l/s		
	X	Y	Z	X	Y	Z
2175	1	0	1	0	1	0
998	0	2	5	1	0	3
911	3	1	4	4	0	4
621	9	-2	3	10	-1	2
257	10	0	4	11	0	5
-4	13	-1	9	16	-1	9
-202	6	0	-2	6	0	-2
	Måling etter handplukking av 5 plastringsstein og 60 min x 400 l/s			Måling etter handplukking av 8 plastringsstein og 60 min x 400 l/s		
	X	Y	Z	X	Y	Z
2175	1	2	-1	2	1	0
998	2	1	5	2	1	4
911	5	1	5	4	0	5
621	11	-2	2	11	-2	3
257	11	1	5	12	-1	6
-4	16	0	10	17	1	10
-202	7	0	-3	5	0	-3
	Måling etter handplukking av 5 plastringsstein og 60 min x 400 l/s 8 plastringsstein forsvunne ila 60 min			Måling etter handplukking av 8 plastringsstein og 30 min x 400 l/s		
	X	Y	Z	X	Y	Z
2175	0	1	0	0	0	0
998	Ikkje målt	Ikkje målt	Ikkje målt	Ikkje målt	Ikkje målt	Ikkje målt
911	5	0	6	5	0	6
621	13	-3	2	14	-4	1

257	13	-2	5	15	-1	6
-4	20	0	12	23	0	14
-202	5	-1	-4	5	0	-4
	Måling etter handplukking av 19 plastringsstein og 30 min x 400 l/s			Ingen måling. Handplukking av 12 stein samt fjerning av stein under forsøkskjøring fram til brot.		
	X	Y	Z			
2175	1	1	1			
998	ikkje målt	ikkje målt	ikkje målt			
911	5	1	6			
621	15	-4	1			
257	17	-1	8			
-4	37	-3	32			
-202	8	2	-5			

Som i modellforsøk 8 auka forskyvingane med mengda stein plukka ut av plastringa. Under modellforsøk 9 var det få ordinære plastringsstein som vart plukka av vatnet, totalt er det registrert 3 plastringsstein og 1 av dei litt større kronesteinane som vart plukka av vatnet. Det meste av stein som er fjerna frå plastringa er difor gjort med handmakt, og det vart laga to hol. Det eine holet hadde lengdeakse langs knekkpunktet mellom krone og helling, og det vart først plukka ut ti stein her, sidan 7 stein. Det andre holet hadde lengdeakse langs hellinga, to-tre steinrekker frå vindauget og der vart plukka 12 stein samstundes som ti stein vart plukka frå det første holet. For å få brot, vart det som under modellforsøk 8 plukka stein medan vatnet stod på, desse vart i hovudsak plukka frå holet langs knekkpunktet. Det danna seg eit stort hol i plastringa som er omkransa med raud i Figur IV-23 med utgangspunkt i det handplukka holet. Dammen vart vidare belasta med 400 l/s i over 8 minutt før vidare plukking av stein i oppstraums enda av holet før resten av plastringa til sist braut saman. I Tabell IV-12 er eit utval forskyvingar målte under modellforsøk 9 gjevne.



Figur IV-22 Modellforsøk 9

10 stein fjerna frå hol på tvers av  
straumretningen. 12 stein fjerna frå hol  
langs straumretningen.



Figur IV-23 Modellforsøk 9

Stort hol i plastringa.

Tabell IV-12 Modellforsøk 9, forskyvingar [mm]

Referansepunkt i x = 2176, fastpunkt i x = 864.

	Måling etter 17 min med 101 l/s 9.nov			Måling etter forsøk kjørt til 490 l/s 9.nov 1 plastringsstein forsvunne under kjøring		
	X	Y	Z	X	Y	Z
2176	0	0	0	-1	1	1
864	0	-1	0	3	0	-1
595	0	0	1	3	0	3
247	3	-1	1	6	-2	2
17	2	0	2	10	0	4
-148	2	1	-1	9	1	-3
	Måling 10.nov etter 60 min x 200l/s, 300l/s, 400l/s 1 stein forsvunne under 400 l/s			Måling 10. nov etter 30 min x 450 l/s		
	X	Y	Z	X	Y	Z
2176	-1	0	0	-1	0	1

864	2	0	0	3	1	-1
595	3	0	3	4	0	3
247	8	-1	3	8	-1	3
17	13	0	6	13	0	6
-148	10	1	-4	10	1	-4
	Måling 10.nov etter handplukking av 22 plastringsstein og 30 min x 400 l/s 1 stein forsvunne ila 30 min			30 min x 400 l/s: Ein stein plukka. Tar ut 7 stein med handmakt 15 min x 400 l/s, deretter: start plukking av stein medan vatnet står på.		
	X	Y	Z			
2176	-1	0	1			
864	3	1	-1			
595	4	0	4			
247	8	-2	3			
17	22	-1	12			
-148	16	3	-6			

Det vart ikkje målt forskyvingar under modellforsøk 10 ettersom dette gjekk til brot under første belastningsperiode.

Under modellforsøk 11 gjekk det 4 plastringsstein i tillegg til 8 store kronestein og 11 støttefyllingsstein under skalert forsøkskjøring til 490 l/s. Område der plastringsstein forsvann frå er synt med raud sirkel i Figur IV-24. Vidare gjekk det to plastringsstein frå områda merka med raud sirkel i Figur IV-25 og ein kronestein ved vidare forsøkskjøring. Før brot vart det handplukka 25 stein nede mot veggen og 29 stein oppe ved knekkpunktet mot vindauget som synt i Figur IV-25. Etter handplukking av desse stein gjekk skråningsvernet til brot under oppkjøring. Eit utval forskyvingar målte under modellforsøk 11 er gjeve i Tabell IV-13.



*Figur IV-24 Modellforsøk 11*

*Plassering av fire forsvunne plastringsstein etter oppkjøring til 490 l/s er markert*



*Figur IV-25 Modellforsøk 11*

*Plassering av handlaga hol merka med firkant og femkant*

*Tabell IV-13 Modellforsøk 11, forskyvingar [mm]*

*Referansepunkt i x = 2168, fastpunkt i x = 865.*

	Måling etter 17 min med 101 l/s 19.nov			Måling etter forsøk kjørt til 490 l/s 19.nov : 8 store kronestein, 4 plastringsstein, 11 støttefyllingsstein		
	X	Y	Z	X	Y	Z
2168	1	-1	-1	0	0	0
865	-1	-1	1	0	-1	1
779	0	0	1	2	-1	2
582	1	0	1	6	1	4
246	3	1	-1	16	0	5
-38	2	1	1	19	-1	16
-134	1	0	1	7	-10	-12
	Måling 20.nov etter 60 min x 200l/s, 300l/s, 400l/s Etter 300 l/s: To stein i renna, en kronestein og en plastringsstein. Etter 400 l/s: en plastringsstein			Måling 20. nov etter 30 min x 450 l/s ingen nye stein i renna		



	X	Y	Z	X	Y	Z
2168	1	0	-1	0	-1	0
865	0	-1	1	1	-2	2
779	3	-1	2	2	-1	2
582	6	1	4	6	2	4
246	19	1	4	20	1	5
-38	23	3	14	25	4	15
-134	6	-15	-20	6	-16	-22

For modellforsøk 12 vart det målt forskyvingar etter oppkjøring til 101 l/s som vist i Tabell IV-14. Forskyvingane er og synlege på biletet i Figur IV-26 som er teke samstundes som forskyvingane er målte.



Figur IV-26 Modellforsøk 12, store forskyvingar

Tabell IV-14 Modellforsøk 12, forskyvingar [mm]

Målt etter oppkjøring til 101 l/s			
	X	Y	Z
Referansepunkt i x = 2168	1	1	0
Fastpunkt i x = 1826	3	0	1
1756	3	0	3
1404	31	-2	11

1035	44	2	16
584	96	2	-29
273	118	-1	-59
114	135	0	-69
-125	9	6	-5



## V. Diskusjon

### I. FELTFORSØK

Feltdam 3 vart bygd opp med like dimensjonar som feltdam 1 og 2, men med skråningsvern utført som rausa skråning. Plastringstettleiken til feltdam 3 var  $1.17 \text{ stein}/d_{50}^2$ .

Feltdam 1 og 2 vart bygde for å vere like, men sidan feltdam 2 vart bygd etter feltdam 1, var det meir erfaring og kunnskap hjå dei involverte under bygging av feltdam 2. Dette kan vere forklaringa til at feltdam 2 hadde større vinkel  $\alpha$  enn feltdam 1, samt større plastringstettleik med  $1.47 \text{ stein}/d_{50}^2$  mot  $1.39 \text{ stein}/d_{50}^2$  som feltdam 1. Skilnad i plastringstettleik kan vere årsaka til at feltdam 2 tolte høgare belastning enn feltdam 1, då det vil ha vore mindre holrom mellom plastringsstein, og større friksjonskraft som verka stabiliserande for feltdam 2 enn det var for feltdam 1. Forskyvingane som vart målte er mindre enn målefeilen ved samanlikning av dam før og under belastning. Målefeilen er 0.01 m

Ved lågaste vassføring  $0.5 \text{ m}^2/\text{s}$  vart alle dammane tydeleg overtoppa og gjennomstrømming kan vurderast å vere  $< 0.2 \text{ m}^2/\text{s}$ .

### II. MODELLERING

#### Geometri og vassføring


Modelldam 10 vart bygd for å modellere feltdam 3, og den fekk plastringstettleik  $1.20 \text{ stein}/d_{50}^2$ . Lik plastringstettleik kan vere ein indikasjon på likskap. Ein annan indikasjon på likskap er at feltdam 3 og modelldam 10 gjekk til brot ved den same belastninga, når tid og vassføring for modellforsøk 10 er skalert frå feltforsøk 3. Det kan såleis sjå ut til at rausa forsøk vart skalert på ein god måte og at det var mogleg å skape att resultatata frå rausa feltforsøk i laboratoriet.

Modellforsøk 8 var i stor grad tenkt som eit prøveforsøk for å gje erfaring med dambygging og undersøkje om det er mogleg å skape att belastningsmønsteret frå feltforsøka i laboratoriet. Modelldam 8 vart difor bygga før forsøksoppsettet i laboratoriet var ferdig planlagt og tenkt, og i etterkant av bygging og forsøkskjøring av modellforsøk 8 kom det til ny kunnskap og innsikt som vart nytta i det vidare arbeidet. Modelldam 8 vart bygd med steinrekka lengst oppstrøms kilt fast mot rista, medan modelldam 9, 10, 11 og 12 vart bygd med større stein fritt lagt i oppstraums ende av krona, etter 4-5 rekker med plastringsstein.


Ingen av modellforsøka med plastra skråning fekk brot ved samanliknbar vassføring med feltforsøka. Dette kan kome av høgare plastringstettleik, meir ideell kornform og for låg maksimal tilgjengeleg vassføring. Mot slutten av belastningstida skalert frå felt for modellforsøk 11 gjekk det fleire stein og det er mogleg at ved berre litt høgare vassføring kunne modellforsøk 11 fått brot som var direkte samanliknbart med feltforsøka.

## Skalaeffektar

For at skalering ved Froudes modellov skal vere gyldig, må Reynoldstalet og Webertalet vere som gjeve i II-iii Laborieteteknikk. Det er Vint som gjev best samsvarande resultat frå forsøk til forsøk og mot hastigheita rekna ved  $q/H$ . Hastigheita rekna ved  $q/H$  tek ikkje omsyn til vatnet som går gjennom støttefyllinga og det er truleg årsaka til den høge hastigheita ved 29 l/s. Det er difor nytta hastigheit frå modellforsøk 9 der det var målingar ved flest vassføringar og det er anteke at desse er representative for dei andre forsøka med skråningsvern utført som plastring.



Figur V-1 Reynoldstalet



Figur V-2 Webertalet<sup>0.5</sup>


Reynoldstal ved ulike vassføringar er gjeve i Figur V-1 saman med grenseverdi 1.0 og 2.5 x 10<sup>5</sup>. Tilsvarande er Webertalet<sup>0.5</sup> gjeve ved ulike vassføringar i Figur V-2 saman med grenseverdiene 110 og 140. For dei største vassføringane kan kreftpåverknaden av viskositet og overflatespenning neglisjerast etter (Pfister & Chanson, 2012). For dei lågaste vassføringane er det mogleg at kreftpåverknaden frå viskositet og luftinnblandinga gjev skalaeffektar. Det er usikkerheit knytt til måling av høgde og hastigheit, men det er likevel sannsynleg at det verker skalaeffektar ved dei lågaste vassføringane der det var stor luftinnblanding.

## III. MODELLFORSØK


### Modellforsøk 12

Før bygging av modelldam 12 vart duken som ligg under støttefyllinga bytta ut og den nye duken, som er av same materiale som den gamle, var glattare enn den gamle. Under modellforsøk 12 oppstod det store forskyvingar og vatnet vart slått av umiddelbart. I Figur V-3 - Figur V-8 er utviklinga frå overtopping startar til vatnet igjen er på veg ned synt, og det er tydeleg rørsle i støttefyllinga som gjer at forskyving oppstår i plastringa. Det er sannsynleg at brot i modellforsøk 12 skjedde grunna glatt duk som gav dårleg støtte til støttefyllinga.


Brotmekanismen til modellforsøk 12 er spesifikk for det spesifikke oppsettet og vidare samanlikning vert ikkje gjort.




Figur V-3 Modellforsøk 12, t = 0 s



Figur V-4 Modellforsøk 12, t = 10 s




Figur V-5 Modellforsøk 12, t = 20 s



Figur V-6 Modellforsøk 12, t = 30 s




Figur V-7 Modellforsøk 12, t = 40 s




Figur V-8 Modellforsøk 12, t = 50 s

## Forskyving

Ei samanlikning av dei målte forskyvingane langs X og Z-aksen for modellforsøk 8, 9 og 11 er gjevne i Figur V-9 og Figur V-10. Det er tydeleg at forskyvingane aukar med større belastning og etter kvart som fleire stein vert tekne ut av plastringa.




Figur V-9 Forskyving langs X-aksen som funksjon av plassering langs damaksen



Figur V-10 Forskyving langs Z-aksen som funksjon av plassering langs damaksen

Dersom brot ved forskyving  $2d_{50}$  (Pettersen, 2015) er generelt kan nødvendig vassføring for brot ved modellforsøk 8, 9 og 11 vere som synt i Figur V-11. Det er anteke at forskyving vert akselerert etter kvart som stein vert plukka ut frå plastringa slik at det vert større forskyving utan mykje større belastning etter kvart. Dei kjende forskyvingane etter  $q = 0$  l/s,  $q = 101$  l/s og  $q = 490$  l/s er nytta for å ekstrapolere til mogleg brotvassføring.






Figur V-11 Ekstrapolerte brotvassføringer

### Plastringstettleik


Når stein vert plukka ut av plastringa av vatnet eller med handmakt, går plastringstettleiken ned og det vert større rom for forskyving. Figur V-12 syner korleis forskyvinga under modelforsøk 8 utvikla seg etter kvart som fleire stein forsvann frå plastringa. Dei første steinane som vart plukka med handmakt var lause stein frå hol i plastringa. Rundt desse hola såg det ut til å være danna ei trykkbru av stein som hindra kollaps i plastringlaget. Dersom stein som forsvinn frå plastringa er omringa av stein som står i spenn mot kvarandre er det ikkje sikkert at det vert meir forskyving.



Figur V-12 Modelforsøk 8: Forskyving langs X-aksen

#### IV. SAMANLIKNING


Det steinbaserte Froudetallet som forsøka er skalerte med kan nyttast til å samanlikne forsøk. Steinbasert Froudetal ved første stein forsvunnen frå skråningsvernet og for Likning (II-14) med  $S = 1:1.5$  og  $q = 0.5 \text{ m}^2/\text{s}$  er gjeve i Figur V-13. Dimensjonerande ulykkesvassføring for norske fyllingsdammar i konsekvensklasse 2 og 3 er  $q = 0.5 \text{ m}^2/\text{s}$  og det er vanleg å nytte Likning (II-14) for å bestemme minste steinstorleik. For brotvassføring er det steinbaserte Froudetallet gjeve i Figur V-14 saman med Likning (II-14) med  $S = 1:1.5$  og  $q = 0.5 \text{ m}^2/\text{s}$ .



Figur V-13 Steinbasert Froudetal for vassføring når første stein gjekk

x<sup>1</sup> Det er usikkert når første stein gjekk under modellforsøk 8.

<sup>2</sup> Rettleiande steinstorleik mot vassføring som konsekvensklasse 3-dammar skal tole.



Figur V-14 Steinbasert Froudetal for vassføring for brot


> 11.5 Modellforsøk 8, 9 og 11 fekk brot etter manuell fjerning av stein. Faktisk steinbasert Froudetal ved brot etter samanliknbar belastning er ukjend.

<sup>3</sup> Rettleiande steinstorleik mot vassføring som konsekvensklasse 3-dammar skal tole.

Likning (V-1) gjev samanhengen mellom steinstorleik og brotvassføring for forsøk utførte i samband med denne oppgåva.

$$d_{50} = 0.1 q^{0.7} \quad (V-1)$$

Likning (V-1) er kurva Kjosavik 2015 i Figur V-15 saman med resultat frå forsøk og andre likningar som beskriv forholdet mellom brotvassføring og steindiameter. Kurva frå Likning (I-11) er meint for dimensjonering av minste steinstorleik etter (NVE, 2012), medan dei andre kurvene er meint å skildre forsøksresultat utan sikkerheitsfaktor. Figur IV-16 frå (Kjosavik, 2015) tillagt resultat frå forsøk som er skildra i denne oppgåva.




Figur V-15 Diameter som funksjon av einingsvassføring

## V. KONKLUSJON

Forskyving er avhengig av plastringstettleiken som vist i Figur V-16 der forskyvinga er gjeve som funksjon av plastringstettleiken. Forskyvingane er målte etter lik belastning og gjeve i % av tilgjengeleg forskyvingslengd sidan modelldam 8 hadde ei anna lengde enn modelldam 9 og 11.





Figur V-16 Forskyving som funksjon av plastringstettleiken

Høgare plastringstettleik gjev mindre forskyvingar under belastning. Samanlikning av plastringstettleik kan gjerast ved å fastsetje mengde stein per areal gjeve ved  $d_{50}^2$ .

Det er ikkje målt forskyvingar tilstrekkeleg store til at det vart dambrot. Under modellforsøka har det vorte fjerna stein med handmakt for å få brot, og det er ikkje mogleg å gje eit tydeleg svar på kor stor forskyving som er nødvendig for å få brot.

Vurdering av hypoteser: Det er sannsynleg at forskyving oppstår ved at stein pakkar seg endå tettare ved belastning og dette vert bekrefta av at forskyvinga er avhengig av plastringstettleiken. Det er usikkert om utvikling av forskyving vert akselerert av at stein vert fjerna frå skråningsvernet. Det er indikasjonar på at det vert krumming i plastringslaget, men det kan like gjerne vere utgliding med sirkelflate som kjent frå geoteknikk. Forskyving ned i plastringa har i hovudsak oppstått på krona med kort avstand frå den største forskyvinga bortover.

## VI. VIDARE ARBEID

For å betre kunne vurdere korleis forskyvingar oppstår og beskrive desse vil det vere nyttig med forsøk med større lengde på skråningsvernet. Større lengde gjev meir tilgjengeleg forskyvingslengd og sannsyn for svake punkt i skråningsvernet. Med større lengde på skråningsvernet vil det kunne verte store nok forskyvingar til at det vert brot ved tilgjengeleg belastning med noverande oppsett i laboratoriet. Dette vil i tilfelle vere motsett av det som er indikert frå (Martins, 1981), at større lengde gjev høgare brotvassføring og tilsvarande er funne i (Vartdal, 2005). Høgda til dammane som er testa i samband med denne oppgåva er tilsvarande 6 m høgde på ein fyllingsdam, avhengig av steinstorleik. I Noreg er det over 170 fyllingsdammar med høgde 15 – 142 m. For å vurdere om resultat frå modell og feltforsøk er gyldige for større dammar bør effekten av høgda til dammen vurderast.

